

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Askvoll kommune

Utval: Kontrollutval – Askvoll kommune
Møtedato: 05.12.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Møteom 2.etg.
Møtenr.: 4/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Revisor (sak 26/12).

Melding til: Ordførar(møterett), rådmannen og KRYSS- revisjon(møterett) og varamedlemmer (varamedlemer vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).
Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

24/12 Godkjenning innkalling og sakliste.
25/12 Skriv og meldingar
26/12 Overordna analyse.
27/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Innkjøpsfunksjonen» - Gjennomføringsplan.
28/12 Førespurnad om selskapskontroll – Lutelandet AS.
29/12 Plan for selskapskontroll 2012 – 2016
30/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Askvoll.
31/12 Eventuelt

Askvoll 23.11 2012.

Jorunn Ringstad (s)

Leiar

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

024/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.12.2012	024/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

025/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.12.2012	025/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 19-12 Rapport etter tilsyn frå Fylkesmannen etter Lov om barnehagar, datert 07.11.2012.

SM 20-12 Andre tertialrapport 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki
Telefon:
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato
07.11.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/3518 - 611
Dykkar referanse

Askvoll kommune
Postboks 174
6988 Askvoll

Tilsyn med Askvoll kommune - rapport

Vedlagt følger tilsynsrapport etter tilsyn 17.08.2012

Fylkesmannen avdekka ingen avvik under tilsynet.

Med helsing

Åslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki
rådgjevar

Vedlegg: Tilsynsrapport

Hovudkontor
Njåsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksevidelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internet:
www.fylkesmannen.no/sfj

TILSYN med Askvoll kommune - rapport

Askvoll kommune
Postboks 174
6988 Askvoll

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar
Berit Rygg – revisor

Kontaktperson i kommunen:
Ola Bolstad

Regelverk

- Lov om barnehagar med forskrifter
- Forvaltningslova

Tema for tilsynet

- Rett til plass i barnehagen § 12 a

Metode

Tilsynet vart utført som dokumenttilsyn og retta seg mot Askvoll kommune sitt ansvar som barnehagemyndigheit. Tilsynet vart utført ved gransking av innsendt dokumentasjon.

Dato, 07.11.2012

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Berit Rygg, revisor

Innhald:

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Gjennomføring
5. Deltakarar ved fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter dokumenttilsyn med Askvoll kommune 17.08.2012. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Askvoll kommune har tilfredsstillande rutinar i forhold til regelverket.

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av innsendt dokument.

AVVIK er mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

2. Tema for tilsynet

I barnehagelova § 12 a står det: *«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»* Vidare i merknad til § 12 a første ledd står det: *«Barn med rett til prioritet til opptak etter § 13 har etter søknad rett til plass selv om det ikke har fylt ett år innen utgangen av august.»*

Lovkommentar

Kommunen som barnehagemyndigheit skal tilby barnehageplass til barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass. Kommunen skal informere aktuelle søkarar om inntakskriteriar, søknadsfristar og inntaksrutinar. Barn med rett til barnehageplass etter § 13 har etter søknad rett til plass sjølv om det ikkje fyller eitt år innan utgangen av august. Barn har rett til barnehageplass i den kommunen det er busett og har bustadadresse. Kommunen skal ha minimum eit inntak i året med fastsett søknadsfrist.

Tema for tilsynet er knytt til om Askvoll kommune som barnehagemyndighet har rutinar for tildeling av barnehageplass som er i samsvar med regelverket.

3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- Kommunen sine rutinar som skildrar informasjon om barnehagetilbodet i kommunen, søknadsfristar, opptakskriteria (jf. § 12 a og § 13) og opptakskrets
- Kommunen sine opptaksrutinar
- Kommunen sitt delegasjonsreglement som viser plassering av
- vedtaksmynde for § 12 a.
- Orientering om klagerett og klageinstans
- Kommunen si handsaming av ev. klager

Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 17.08.2012.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 15.10.2012.

Frå Fylkesmannen deltok Berit Rygg og Bodhild Therese Cirotzki

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	11.10.2012	126/12	SVF
Formannskapet	26.10.2012	136/12	SVF
Kommunestyret	05.11.2012	117/12	NIH

Saksbeh
Svein Festervoll

Arkivsaknr
11/467-6

Arkiv
K1-210

Andre tertialrapport 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret justerer - med verknad frå 1.september 2012 - budsjett 2012 slik:

	Innmeldt behov	Auke av budsjett	Reduksjon/justert budsjett
a. Rådmannen	950.000	+650.000	300.000
b. Barnevern	520.000	+470.000	50.000
c. Pleie&oms	1 300.000	+800.000	500.000
d. Bygg&E	460.000	+410.000	50.000
e. Landb	0		-30.000
f. Teknisk	0		-500.000
g. Oppvek	0		-200.000
h. NAV	0		-250.000
Auka inntekt			
i. Finansielle føremål			+850.000
Frå disposisjonsfondet			
j. Frå disposisjonsfond			+500.000

11.10.2012 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Saka vert utsett for å innhente nye opplysningar.

FOR-126/12 VEDTAK:

Saka vert utsett for å innhente nye opplysningar.

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK TIL FORMANNSKAPET
26.10.2012:**

Kommunestyret justerer - med verknad frå 1.september 2012 - budsjett 2012 slik:

	Revidert budsjett	Endring 2. tertial	Ny ramme
Rådmann	15 076 489	750 000	15 826 489
Oppvekst	60 711 949	-200 000	60 511 949
Helse	4 603 195	0	4 603 195
NAV	4 000 000	-250 000	3 750 000
HAFS barnevernsteneste	2 999 617	520 000	3 519 617
Omsorg	61 700 854	800 000	62 500 854
Landbruksforv. for Askvoll og Fjaler	1 887 130	0	1 887 130
Teknisk avd (nedlagt frå 01.06.)	2 378 433	0	2 378 433
Teknisk drift	3 567 139	-430 000	3 137 139
Bygg- og eigedom	-1 723 059	410 000	-1 313 059
Finansielle føremål	-155 270 000	1 750 000	-157 020 000
Avsett til disposisjonsfond		150 000	150 000
Overskot/underskot	-68 253	0	-68 253

26.10.2012 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen si tilråding til møte 26.10.

FOR-136/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak

05.11.2012 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

KOM-117/12 VEDTAK:

Kommunestyret justerer - med verknad frå 1.september 2012 - budsjett 2012 slik:

	Revidert budsjett	Endring 2. tertial	Ny ramme
Rådmann	15 076 489	750 000	15 826 489
Oppvekst	60 711 949	-200 000	60 511 949
Helse	4 603 195	0	4 603 195
NAV	4 000 000	-250 000	3 750 000
HAFS barnevernsteneste	2 999 617	520 000	3 519 617
Omsorg	61 700 854	800 000	62 500 854
Landbruksforv. for Askvoll og Fjaler	1 887 130	0	1 887 130
Teknisk avd (nedlagt frå 01.06.)	2 378 433	0	2 378 433
Teknisk drift	3 567 139	-430 000	3 137 139
Bygg- og eigedom	-1 723 059	410 000	-1 313 059
Finansielle føremål	-155 270 000	1 750 000	-157 020 000
Avsett til disposisjonsfond		150 000	150 000
Overskot/underskot	-68 253	0	-68 253

Kva saka gjeld:

Med heimel i Kommuneleova § 46 og Forskrift om årsbudsjett for kommunar mv., legg rådmannen fram rapport for andre tertial 2012. I forskrifta heiter det:

§ 10. Budsjettstyring

Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak.

Saksutgreiing:

I oversynet, som er lagt inn i saka her, går det fram at kommunen etter andre tertial har eit «underskot» i høve til budsjettet. Netto underskot før justering er på kr. 2.130.000,-. Beløpet kjem fram etter justering av auka finansielle inntekter og mindreforbruk på NAV.

Rådmannen har – saman med økonomisjefen – justert budsjettet per 1. september 2012 slik det går fram av framlegg til vedtak. Budsjettet 2012 er no balansert gjennom reduksjon av einingane sine innmeldte behov og bruk av disposisjonsfond. Det vert elles vist til einingane sine meldingar som er kopiert inn i saka her.

Rådmannen

Generalforsamlinga i SFE gjorde vedtak om å redusere aksjeutbyte for inneverande år med kr.700.000,- som følgje av orkanen «Dagmar» sine herjingar. SFE vart «straffa» for ikkje å ha linjenett som tolte belastninga av uveret. Askvoll kommune fekk utbetalt kr. 574.000,- mens budsjettet var sett opp med kr.1,3 mill.

Rådmannen opplever risikoplasseringa som tvilsam – både fordi uveret var 2. juledag i 2011 og fordi utgifter på linjenettet vert belasta kraftproduksjonsdelen. Linjenettet vert i hovudsak finansierast over linjeleiga og ikkje over sjølve kraftproduksjonen.

Styret i SFE har meldt at eigarane ikkje kan rekne med auka utbytte av aksjane sine ut over det beløpet som vart tildelt for året 2011. For Askvoll kommune er det eit berekna årleg «tap» på om lag kr.700.000,-.

Slik den økonomiske stoda for Askvoll kommune er og vil vere i åra framover, er det gode grunnar som talar for å vurdere om kommunen skal selje aksjane sine i SFE. Dei står oppført i rekneskapen med kr.19 mill., mens reell verdi truleg er det doble. Aksjane er omsettelege. Eit sal vil tilføre kommunen eit større beløp og berre renteinntektene frå eit slikt beløp vil langt overstige aksjeutbyte som no er gjort gjeldane.

Inntekter frå sal av rettane i Stakaldefossen og Svultingen (til saman kr.1.7 mill.) er ikkje heilt avklara. Naustdal kommune har ikkje teke endeleg avgjerd i saka, men det vil truleg skje i inneverande år.

Pleie- og omsorg

Behovet som er meldt inn er om lag det same som etter første tertial og grunnngjevinga er den same som då. Det er i hovudsak utgifter som knyter seg til ressurskrevjande pasientar. Det vert elles vist til kommunalsjefen sin framstilling.

Barnever

Det er ei utvikling innafor barnevernssektoren som er ny og som ikkje er teke høgde for i budsjettet. Rekneskapen over fleire år har vist at barnevernet har vore styrt på ein god måte med solide overskot. Endringane, som kjem fram i rapporten frå barnevernet, er truleg noko som vil halde fram i tida framover.

Finansielle føremål

Oversynet viser ei samla meirinntekt på kr.850.000,- i høve til budsjett. Det kan sjå ut til at skatteanslaget for 2013 bør justerast ned når vi ser på rekneskapet etter 8 månader i 2012. Det vert elles vist til økonomisjefen si rapport.

Konklusjon:

Rådmannen er av den oppfatning at det no er grunn til auka uro med tanke på budsjettet for 2013. Bruk av disposisjonsfondet med kr. 500.000,- er eit dårleg varsel.

Askvoll kommune må auke inntektene eller/og redusere utgiftene.

Rådmannen kan sjå at auka gebyr på plansaker og byggesak kan bidra til å redusere utgiftene. Vi er også i ferd med å ta i bruk dei muligheitene vi har til større utgiftsdekning innafor VAR-området, men dette løyser ikkje heile behovet for meir pengar inn i kommunekassen.

Innafor plansakene må vi løyse etterslepet ved å auka kjøp av tenester. Vi må akseptere at vi ikkje fullt ut klarer å handtere sektoren med dagens bemanning.

Formannskap og Kommunestyre bør no likevel førebu seg på at utgiftene må reduserast gjennom strukturendringar innafor skulesektoren og utnytting av det grunnlaget som ligg ope men som ein ikkje nyttar seg av. I samband med budsjettframlegget for 2013 vil det bli gjort konkrete framlegg til tiltak.

Nye opplysningar til møte i formannskapet 26.10.12:

Statsbudsjettet for 2013 vart lagt fram 8 oktober, der vart skatteanslaget for 2012 oppjustert for heile kommunesektoren. Prognosemodellen til KS viser at Askvoll kommune går ned i skatteinntekter, men får kompensert for dette i inntektsutjevning. Totalt sett for skatt og rammetilskot får Askvoll kommune kr. 1 050 000,- meir enn budsjett for 2012. Som følge av dette endrar rådmannen sitt framlegg til vedtak i sak om andre tertialrapport 2012.

Økonomisk rapportering pr. 31.08.12 – 2. Tertial

Samla vurdering av kommunen

Avvik pr. etat:

Rådmann	Behov for midlar	950 000
Oppveksetaten	Behov for midlar	0
Helseetaten		0
NAV	Midlar til gode	-250 000
Interkommunalt barnevern	Behov for midlar	520 000
Pleie- og omsorgsetaten	Behov for midlar	1 300 000
Landbruksforvaltninga		0
Teknisk drift		0
Bygg og eigendom	Behov for midlar	460 000
Finansielle føremål	Midlar til gode	-850 000
TOTALT	Behov for midlar	2 130 000

Tabellen over viser totale avvik/behov for midlar pr. etat.

Rådmann

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12.

Samla vurdering:

Ansvar 100 sitt budsjettområde ser ut til å gå mot eit overforbruk/mindre inntekt på kr. 950 000 i 2012.

.....

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	8 667 976	5 636 445	6 499 199	-862 754	74,98
Refusjonar	0	0	-319 503	319 503	
Netto løn	8 667 976	5 636 445	6 179 696	-543 251	71,29

Godtgjersle til folkevalde

Godtgjersle til folkevalde ser ut til å verte større enn budsjettet og går mot eit overforbruk på kr. 200.000,-

Løn

Lønsutgiftene innanfor ansvar 100 syner pr. 31.08.12 eit overforbruk på om lag kr.543.000,- Dette skriv seg i hovudsak frå lønsføringar knytt til omstillingsorganisasjonen som ved årsavslutning skal førast mot prosjektet.

Samla sett er lønsutgiftene i ansvar 100 i tråd med budsjettet når det vert teke omsyn til refusjonar frå Nav og tilskot til lærlingar som kjem seinare på året.

Andre forhold:

Teneste 32000 – Kommunal næringsverksemd

På denne tenesta er det budsjettet med aksjeutbyte frå SFE med kr.1,3 mill og kr.1 mill frå sal av fallrettar til Sunnfjord energi. Utbytte frå SFE er fastsett til kr.574.966,- og gjev dermed eit inntekts tap på 0,75 mill.

Det er òg ei viss usikkerheit knytt til inntektene frå fallrettane fordi Naustdal kommune har utsett handsaminga av saka.

Askvoll, 30.09.12

Håkon Loftheim

-Assisterande rådmann-

Oppvekst

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12.

Samla vurdering:

Underforbruket på kr 252.000 vil gå med til å dekke inn ekstrakostnad til norskopplæring for framandspråkelevar. Det er utsikter til at etaten vil gå i balanse i 2012.

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	58 705 377	37 581 294	38 618 754	-1 037 460	65,78
Refusjonar	-1 176 917	-784 611	-2 074 012	1 289 401	
Netto løn	57 528 460	36 796 683	36 544 742	251 941	63,52

Tabellen syner at etaten samla har eit underforbruk lønn på kr 252.000 per 31. august. Sist rekneskapsrapport synte eit overforbruk på om lag kr 150.000. Det var budsjettert med høgare drift første halvår enn andre halvår 2012, så denne utviklinga var venta.

Endringar skule

Her er det samla eit underforbruk på om lag kr. 500.000. Drifta var budsjettert med like mange stillingsheimlar vår og haust (53). Frå haust 2012 skal det innførast valfag på ungdomstrinnet, og timetalet skal utvidast med 0,5 time per veke på 8. trinn. For Askvoll vil dette samla utgjere omlag 30% stilling, eller kr 70.000 for haust 2012. Dette var det ikkje teke høgde for i budsjettet. Gjelsvik skule, Stongfjorden skule og Askvoll skule har fått nye elevar med behov for særskild norskopplæring, samla vil dette utgjere om lag 90% stilling, eller om lag kr 210.000 hausten 2012.

Endringar i barnehage.

Barnehagane går samla med eit overforbruk på om lag kr 310.000 per 31. august 2012. I budsjettberekningane er det lagt inn om lag ei stilling meir på våren enn på hausten (om lag kr 180.000)

Barnehagane har og fått barn med anna morsmål enn norsk, og treng ekstra hjelp i periodar. Tiltak er sett inn, men omfang må vurderast etter kvart og kan ikkje talfestast per dato.

Andre forhold:

Samla budsjett for oppvekst 2. tertial syner at etaten har eit underforbruk på kr 306.000 per 31. august. Av dette utgjer lønn kr 252.000. Utgifter til energi er kr 55.000 høgare enn budsjettert dei 8 første månadane, dette overforbruket vil auke framover haust og vinter.

Askvoll, 27 september 2012

Ola Bolstad
-kommunalsjef oppvekst -

OMSORG

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12

Samla vurdering:

Kommunalsjef omsorg kan førebels ikkje sjå at vi skal klare å dekke kostnadene til ressurskrevjande brukar (innmeldt i 1.tertial rapport) innanfor ordinær drift sjølv om vi har fokus på innsparing i alle avdelingar.

Behov for ekstra midlar er kr. 1.3 mill.

Dette er førebels berekna eigendel for tiltak til ressurskrevjande brukar som Askvoll Kommune i følge gjeldane lovverk har økonomiske forpliktingar til i annan kommune.

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.2012	Rekneskap pr. 31.08.2012	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	64 093 001	41 256 339	38 309 816	2 946 523	59,77
Refusjonar	-1 709 130	-1 256 249	-1 139 420	-116 829	
Netto løn	62 383 871	40 000 090	37 170 396	2 829 694	59,58

Kommentar til lønsutgifter:

Tabellen syner positivt avvik. Utgifter til vikarbyrå (kr 2 448 565,-) er medrekna tom juli 2012.

Det er 2 mnd. etterslep på timeløna arbeidstakar, hovedtyngda av utgifter til ferievikarar går til utbetaling i sept/oktober. I juli/august har det vore nødvendig å bruke ekstrahjelp grunna overbelegg/ekstra pleietyngde. Med mindre det skulle skje omfattande endringar innan brukar/tenestebehov som ikkje er kjende no, ser det ut til at budsj.løn inkl.kostn.vikarbyrå vil gå i ballanse.

Pasient/brukar forhold:

Gj.snitt pasientbelegg på Askvollheimen i 2. tertial har vore 51 det vil seie 2 brukarar over «godkjendt tal». Det har i periodar vore nødvendig med bruk av ekstrahjelp for å gje forsvarlege tenester. Vi har pr. 31.08. klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar vi har fått melding om. (I statistikk frå Helse Førde ser det ut som vi har hatt pasient liggande «på vent» i 2 dagar i august månad. Dette er ei feilregistrering som skal rettast opp ifølge avdelingsleiar K.V.)

I 1.tertialrapport var varsla tiltak for brukar i anna kommune der Askvoll Kommune har økonomiske forpliktingar. Tiltaket er førehandsberekna til 2.2 mill pr. år og vil utgjere ein eigendel for Askvoll Kommune på kr. 1.3 mill. Tiltaket kjem som tidlegare omtala under ordninga for ressurskrevjande brukarar. Underteikna kan ikkje sjå at det er dekning for desse utgiftene innanfor budsjett 2012

Eit tiltak til born/unge som var innrekna i budsjett 2012 vart ikkje sett i verk.

Tiltak til born/unge som er komme til i løpet av 2.tertial (var meldt i 1.tertialrapport) vert difor førebels dekkja innanfor budsjett 2012.

Ressurskrevjande brukarar:

Askvoll Kommune har etter endeleg innrapportering fått kr. 5 089 000,- i tilskot for 2011. Det er kr 89 000 meir enn budsjettert og kjem «til gode» i 2012.

Førebels berekning av utgifter til ressurskrevjande brukarar 2012 viser at refusjon truleg vil ligge på same nivå som i 2011 (5 mill.).

Andre forhold:**Medfinansiering:**

Det er førebels usikkert korleis dette vil slå ut ved endeleg avrekning. Førebels betaler Askvoll Kommune a konto beløp pr.mnd. for tida kr.268 472,- ved framskriving utan endringar vil det vere ca. kr 700 000,- «til gode».

Fryserom kjøkken Askvollheimen:

Fryserommet på kjøkken som var innrapportert måtte vurderast for reparasjon i 1.tertial 2012, er førebels ikkje gjort noko med. Vaktmeister/Kjøkkensjef avventar bestilt ettersyn og rapport frå servise/fagansvarleg. Om det er forsvarleg vert det ikkje sett i gang reparasjonsarbeid før i siste del av 2012 evt. 2013.

Brukarbetaling:

	2010	2011	Pr. 31.08.2012
Budsjett	4 114 500	4 955 000	3 203 333
Rekneskap	4 706 373	4 789 626	3 019 161
Avvik	591 873	-165 374	-184 172

Det er ikkje forfold som tilseier negativt avvik ved årsslutt innan brukarbetaling for institusjonsopphald.

Husleigeinntekter:

	Rekneskap pr. 31.08.12	Budsjett pr. 31.08.12	Avvik
Holmedal eldrecenter	-166 164	-187 500	-21 336
Bulandshelmen	-119 071	-137 500	-18 429
Værlandet bygdetun	-40 088	-50 000	-9 912
Omsorgsbustadar Askvoll	-847 556	-875 000	-27 444
Bustadar Kvammen	-112 940	-108 333	4 607
Bufellesskap	-573 611	-439 167	134 444
TOTALT	-1 859 430	-1 797 500	61 930

Status Omsorgsbustader/trygdebustader pr.2.tertial 2012.

Trygdebustader Holmedal – 7 bustader - 2 av bustadene har vore brukte til avlastningsbustader fram til 01.10.12. Frå 01.10 vert 1 bustad brukt til avlastningsbustad. Der er elles ikkje ledige bustader. Ingen personar på «venteliste».

Trygdebustader Bulandet – 5 bustader. For tida ikkje ledige bustader – Ingen på «venteliste».

Trygdebustader Værlandet – 2 bustader. For tida ikkje ledige bustader – Ingen på «venteliste».

Trygdebustader Kvammen – 4 bustader. For tida ikkje ledige bustader – Ingen på «venteliste».

Omsorgsbustader Askvollheimen - 28 bustader 2 av desse er brukt til korttidsopphald/avlasningsopphald grunna mangel på plassar på Askvollheimen. Pr. sept. står 2 -3 personar på «venteliste» til omsorgsbustad.

Bufellesskap – talet må sjåast i samanheng med øvrig tal institusjonsplassar. Det er ikkje ledig kapasitet.

Samla vurdering av pasienttal/brukartal.

Frå 2. halvår har press etter plassar både frå sjukehus og frå heim vore aukande. Dette gjeld etterspørsel etter nødvendig avlastning/korttidsopphald/langtidsopphald og plass i omsorgsbustad.

Det tilseier at arbeidet med vidare utbygging /kapasitet må prioriterast.

Askvoll 27.09.12

Anne Lise Andersen
-kommunalsjef omsorg-

Helseetaten

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12.

Samla vurdering:

Vi har ubrukte midlar på kr. 257 259,- i høve budsjettet. Ca halvparten av dette gjeld lønn. Vi har fleire forventa utgifter resten av året som ikkje er med i budsjettet. Med dei ubrukte midlane pr 31.08. vil vi sannsynlegvis likevel klare å halde oss innanfor budsjettet for 2012.

.....

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	3 310 813	2 116 380	2 109 517	6 863	63,72
Refusjonar	0	0	-132 792	132 792	
Netto løn	3 310 813	2 116 380	1 976 725	139 655	59,71

Andre forhold:

Rekneskapsrapporten viser ubrukte midlar, lønn, på kr 132 792,-. Dette skuldast i hovudsak at vi hadde vikar for reinhaldar i 5 månader. Vikaren har vaska på timebasis og har brukt færre timar pr dag enn det som ligg inne i den faste stillinga til reinhaldar. Vi har dessutan hatt ledig 10 % stilling som helsesekretær i heile perioden.

Vi har vore spesielt varsomme med midlane i år då vi veit vi vil få ekstra utgifter no på hausten. Meldingsløftet (elektronisk meldingsutveksling mellom sjukehus, pleie- og omsorg og legekontor) og innføring av e-resept (elektroniske resepter) skal settast i verk hausten 2012. Dei siste 4 månadanane skal vi ha vikar for ein av fastlegane. Dette medfører ei ekstraavgift på ca. kr 22 000,-. Desse utgiftene er ikkje med medrekna i budsjettet.

Askvoll 21.09.12

Olaug Søreide

Landbruksforvaltning for Askvoll og Fjaler

TERTIALRAPPORT PR 31.08.12.

Samla vurdering:

Underforbruket i høve til budsjett har si årsak i at stillinga til Sidsel Høydal er budsjettert i Askvoll, men har lønsutbetalingar frå Fjaler. Dette vil bli utlikna ved årets slutt.

Talmateriale på noverande tidspunkt tyder på at det ikkje kan reknast med nemnande under/overforbruk i høve til budsjett for 2012.

.....

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Røkneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	3 038 648	1 945 614	1 668 095	277 519	54,90
Refusjonar	0	0	-10 183		
Netto løn	3 038 648	1 945 614	1 657 912	287 702	54,56

Andre merknadar:

Askvoll 18.09.12

Geir Grytøyra
-Landbrukssjef-

Interkommunalt barnevern - HAFS

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12.

Samla vurdering:

Barneverntenesta ligg an til ei overskriding 520 000 kr.

.....

Løn pr. 31.08.12: 24410

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	1 205 000	803 333	675 589	127 744	56,07
Refusjonar	0	0	0	0	
Netto løn	1 205 000	803 333	675 589	127 744	56,07

Teneste 25100 og 25200:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
25100	549 200	306 333	675 589	155 752	
25200	1 202 875	711 250	753 581	-42 331	

Kommentarar:

24410 interkommunale barnevern

Deltenesta ligg an til balanse.

25100 tiltak i familien:

Det kjem store refusjonar på slutten av året på ein halv tiltaksstilling (250 000 kr) og sommarferietiltak (200 000 kr). Dette inneberer at barneverntenesta vil overskride budsjettet med ca. 250 000 kr på delteneste 25100. Grunnen til dette er underbudsjettering på grunn av nedskjering og nye saker.

25200 tiltak utanfor familien

Det ligg an til ei overskriding på 270 000 kr på delteneste 25200. Grunnen til dette er i hovudsak eit barn plassert i institusjon, som er eit dyrt statleg tiltak, og nedskjering i budsjettprosessen.

Dato: 14.09.12

Charlotte Willemoes

Teknisk drift

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12

Samla vurdering:

2. tertial er noko kompleks pga. endringar innanfor ansvarsområde 600-620 til nye 640 teknisk drift og 660 Bygg- og Eigedom. Avvik innanfor lønn vert i hovudsak omtalt innanfor teneste 19010 og teneste 33900. Innfor området veg er det eit større overforbruk, dermed vil ansvar 640 komme ut i balanse pr. 31.12.12

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn ansvar 600-620	2 649 684	2 649 684	2 710 522	-60 838	102,30
Brutto løn ansvar 640	3 628 972	1 555 274	1 099 097	456 177	30,29
Refusjonar	-20 833	-20 833	-168 979	148 146	
Netto løn	2 628 851	4 184 125	3 640 640	543 485	138,49

Andre merknadar:

- Lønnsutgifter pr. 31.08 er ført innanfor område 19010. I perioden skal lønnsutgiftene hentast inn frå diverse driftskontoar (teknisk drift, bygg- og eigedom m. m) som ikkje er ført pr. i dag. Om ein ser område ansvar 600 og 640 innanfor periode til og med august er der eit overforbruk lik ca. 600.000.
- Område brannvern har faste utgifter til løn til vaktordning som går jamt over heile året. Fastgodtgjersle til mannskap/befal vert denne betalt ut i juni og desember.
- Vatn og avlaup. Ser ein samanheng mellom ansvar 600-620 og 640 ser der ut til å vere omlag ballanse innanfor vatn. Avlaup har mindre inntekter pga. at det ikkje vart henta inn avgifter for 2 termin.
- Innanfor område veg er der eit større overforbruk i perioden januar-mai pga. grusing m.m av vegane. Overforbruket i første periode er større enn underforbruket periode juni-august.
- Som vist i første tertialrapport er redusert kapasitet innanfor vaktmestersentralen med å ha engasjert meir personell i andre tertialperiode. Ein ser ut frå oppgåver at dette behovet vil forsette ut over 2 tertialperiode.

Askvoll 01.10.12

Per Jan Ryland
-Teknisk sjef-

Bygg- og eigedom

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12

Samla vurdering:

Manglande midlar til lønskostnad:	193.000,-
Manglande husleigeinntekter omsorgsbustadar:	267.000,-
Totalt negativt avvik:	460.000,-

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	1 053 053	451 309	426 776	24 533	40,53
Refusjonar	0	0	0	0	
Netto løn	1 053 053	451 309	426 776	24 533	40,53

Lønskostnad 01.06-31.08: kr 426.776,-

Lønskostnad 01.09-31.12: kr 819.133,-

Lønskostnad 01.06-31.12: kr 1.245.909,-

Sannsynleg avvik frå budsjett pr 31.12.12: 1.245.909,- - 1.053.053,- = 192.856,-

Husleigeinntekter:

	Rekneskap pr. 31.08.12	Budsjett pr. 31.08.12	Avvik
Administrasjonslokale	42617	-47500	
Askvoll skule	0	-30643	
Helsehuset	-68456	-51576	
Holmedal eldrecenter	-96 450	-112 500	-16 050
Bulandsheimen	-77 625	-82 500	-4 875
Værlandet bygdetun	-33 088	-30 000	3 088
Omsorgsbustadar Askvoll	-492 405	-525 000	-32 595
Bustadar Kvammen	-67 764	-65 000	2 764
Bufellesskap	-200 967	-263 500	-62 533
Heradsheimen	-20 460	-28 500	-8 040
Prestebustaden	-19 470	0	19 470
Paulsbo	-37 275	-34 000	3 275
Bakketun II	-30 105	-31 250	-1 145
Tippaugen	-55 868	-58 250	-2 382
Sifbo	-75 642	-71 250	4 392
Lærarbustadane Værlandet	-23 787	-13 750	10 037
Lærarbustadane Holmedal	0	-21 750	-21 750
Drift og vedlikehald kom. disp. bustader	-1 230 906	-1 337 250	
Kaier	0	-6 251	
TOTALT	-1 256 745	-1 473 220	-216 475

Merknader:

Husleigeinntekter for adm.lokale og Askvoll skule vil utjamne seg ved slutten av året.

For husvære som tidlegare låg under 370 er det totale avviket på -110.201,-. Trenden vil truleg fortsette, til tross for at 1 stk omsorgsleilighet blir utleigd frå 01.10.12.

Totalt avvik pr 31.12.12 blir då på -257.000,-.

Når det gjeld kommunale bustadar vil avviket bli på -10.500,- ved utgangen av året.

Lærarbustaden i Holmedal står tom, og det vil den gjere ut året.

Askvoll 01.10.12

Helge Jostein Follevåg

-Sjef for Bygg og eigedom-

NAV

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12

Samla vurdering:

Rekneskapen pr. 31.08.12 viser at NAV har eit underforbruk som tilseier at me kan frigje midlar. Underforbruket er i hovudsak knytt til to tenester og me kan frigje midlar som synt under:

Teneste 27600:	Kr. 150 000,-
Teneste 24300:	Kr. 100 000,-
Totalt:	Kr. 250 000,-

Løn pr. 31.08.12:

	Budsjett 2012	Budsjett pr. 31.08.12	Rekneskap pr. 31.08.12	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	2 467 396	1 588 172	1 213 723	374 449	49,19
Refusjonar	0	0	-29 050	29 050	
Netto løn	2 395 920	1 588 172	1 184 673	403 499	49,45

Løn

Lønsoversikta syner at NAV så langt i år har brukt kr. 403 499,- mindre på løn enn det som var budsjettert. Dette skuldast først og fremst eit lågare forbruk på kvalifiseringsstønad. Denne vert rekna som løn og avviket pr. 31.08.12 utgjer vel kr. 300 000,-. I førre rekneskapsrapport ynskte me ikkje å redusere ramma på kvalifiseringsstønad, men me ser no etter 2. tertial at me kan frigje midlar på teneste 27600. I 2012 var det budsjettert med kr. 569 300,- på tenesta og pr.31.08.12 hadde me nytta kr. 71 700,- av midlane. Sjølv om me tek høgde for auka aktivitet på kvalifiseringsprogrammet resten av året ser me at noko av midlane kan frigjevast. Det er likevel nødvendig å sjå dette område i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Forbruket her er noko større enn budsjettert, og me må ta høgde for at det også i 3. tertial vert større utbetalingar enn det som er planlagt. Kontoret må leggja opp til fleksibilitet mellom desse områda, og kan difor ikkje frigjera meir enn kr. 150 000,- frå teneste 27600. Økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsstønad er stønader brukar har krav på dersom vilkåra er oppfylt, det er difor nødvendig å ha ein buffer for dette framover.

Andre avvik i rekneskapen skuldast i hovudsak fylgjande tilhøve:

- Tenestekområde 24200. Budsjettert tilskot til krisesenteret er i 2. tertial utbetalt for heile året, og dette fører til at rekneskapen pr. 31.08.12 syner eit lite overforbruk.
- Tenestekområde 24250. Det er motteke noko mindre refusjon frå staten enn det som er budsjettert.
- Tenestekområde 24300. Her ser me at det vert midlar til gode som alt no kan frigjevast, totalt kr.100 000,-.
- Tenestekområde 28100. Ved utgangen av 2. tertial var det eit lite underforbruk på denne tenesta, men ser me isolert på økonomisk sosialhjelp er det eit lite overforbruk. Den siste tida har det vore ein auke i tal søknader, så me må rekna med at det også i slutten av året vil bli eit overforbruk på post 14700.

Askvoll 28.09.2012

Olaug Elisabeth Sætrum Holt
Fung. leiar NAV Askvoll

Finansielle føremål

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.12

Samla vurdering:

Auka rammetilskot	kr. 600 000.-
Nedgang skatteinngang	kr. 450 000.-
Redusere renteutgifter	kr. 700.000.-
TOTALT (midlar til gode)	kr 850 000

Rammetilskot

Askvoll kommune bruker KS sin prognosemodell for vurdering av rammetilskot og skatt. Den siste versjonen av 02.08.2012 , inkl RNB 2012 (Revidert nasjonal budsjett) viser ein auke i rammetilskot på ca kr. 600 000,-
Askvoll kommune har budsjettert med 109 mill kr i rammetilskot i 2012.
Prognosemodellen til KS anslår rammetilskotet til kommunen å vere 109,56 mill kr.

Skatt

Askvoll kommune har budsjettert med ein skatteinngang på 54,35 mill kr. Siste prognose viser ein forventet skatteinngang for Askvoll kommune på 53,9 mill kr i 2012.
Dette gir ein nedgang på kr. 450 000,- for 2012

Renteutgifter

Askvoll kommune har pr. 31.08.2012 ei lånegjeld på 188,6 mill, av dette er 108,2 mill med flytande rente . I budsjett for 2012 er lån med flytande rente budsjettert med 3,5%
Styringsrenta i Noregs Bank har sidan 14.03.2012 lagt på 1,5 %. Den flytande renta ligg ca 1 % over styringsrenta. Renta vil truleg halde seg uendra ut året.
Askvoll kommune betaler i dag 2,35% på lån med flytande rente hos Kommunalbanken, KLP/Kommunekreditt ligg på 3,2%. Dei fleste låna hos Husbanken har fast rente.
Utrekningar med ny rentesats viser at Askvoll kommune kan redusere renteutgiftene med ca. kr. 700 000.-

Renteinntekter

Det er budsjettert med kr. 870 000,- i renteinntekter for 2012, pr.d.d har Askvoll kommune til gode kr. 660 000,- i renteinntekter, og vil ved utgangen av 2012 vere innafor budsjettet.

Momskompensasjon

Det er budsjettert med mva.kompensasjon frå investering på 1,9 mill kr , 60 % dvs 1,17 mill kr. skal overførast til investeringsrekneskapen.

Pr. 30.08.12 ligg ein under budsjett, dette skyldast at store prosjekt som Helsehuset andre etasje og prosjektering/rehabilitering byggjettrinn 2 Askvoll skule, ikkje er komt i gang enda . Desse vil starte opp snarast. Ein reknar derfor med at ein vil vere i innafor budsjettet innan utgangen av året.

Dersom prosjekta ikkje kjem igang , vil 40 % av differansen påvirke driftsbudsjettet.

Askvoll,01.10.12

Nina Haugstad

-Konstituert økonomisjef-

026/12 OVERORDNA ANALYSE– ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.12.2012	026/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Dokumentet «Overordna analyse for Askvoll kommune» med vedlegg, datert 27.11.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 025/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Askvoll kommune, datert ?. desember 2012 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OVERORDNA ANALYSE– ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestekområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 025/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kryss revisjon.

Vi vel å handsame overordna analyse i eit møte før møtet om plan for forvaltningsrevisjon for å gje kontrollutvalsmedlemene høve til å setje seg godt inn i overordna analyse og ha høve til, etter at overordna analyse er presentert av revisor, å tenkje gjennom kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein bør prioritere i plan for forvaltningsrevisjon.

Kryss revisjon har no utarbeidd overordna analyse. Denne er datert ?? .12.2012. Kryss revisjon presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i neste møte. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – 2016 Askvoll kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:


Dykkar ref.:
Bestilling Kontrollutvalet

Vår ref.:
\\analyse2012\askvoll2012

Arkivkode:
216

Journalnr.:
031 / 2012

Dokumentdato:
27. nov. 2012



OVERORDNA ANALYSE GRUNNLAGSMATERIALE FOR PLAN FOR GJENNOMFØRING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT



- ASKVOLL KOMMUNE -
2012

Innhald

1	Bakgrunn	3
2	Føremål	4
3	Korleis den overordna analysa er utført	5
3.1	Modell	5
	Kommunens verdikjede.....	6
	Politisk organisasjonskart i Askvoll kommune	7
	Administrativt organisasjonskart i Askvoll kommune	7
3.2	Risiko	8
3.3	Identifisering av risikoområde i kommunen	8
3.4	Rammeverk for god kommunal forvaltning	9
4	Risikoområder i Askvoll kommune	12
4.1	Produktivitet	12
4.2	Oppfølging av vedtak.....	15
4.3	Økonomistyring.....	16
4.4	Måloppnåing	19
5	Oversikt over mogleg innhald i plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt	20
5.1	Kort om planen.....	20
5.1.1	Selskapskontroll	21
5.1.2	Sluttord	21
Vedlegg:		
5.2.a.	Oversikt over mogleg innhald i plan for gjennomføring avsider	23 - 30
	forvaltningsrevisjonsprosjekt	
5.2.b.	Oversikt over selskap der Askvoll kommune er deltakar/medeigar.....side	31
Organisasjonskart, politisk organisering 2012		
Organisasjonskart, administrativ organisering 2012		
Hovudoversikter Askvoll kommune sin årsrekneskap pr. 31.12.2011		
-	hovudoversikt driftsrekneskapen	
-	hovudoversikt investeringsrekneskapen	
Hovudoversikter/samandrag og kakediagram, utgifter og inntekter, i Askvoll 2011		
Teknisk risiko- og vesentlegheitsvurderingar, revisjonsabstrakter 2012 m/kakediagram		
Fullstendighetserklæring pr. 31.12.11, frå rådmann/økonomisjef, årsrekneskapen for 2011		
Revisjonsberetning 2011		
Revisor sitt brev av 07.02.12 til rådmannen vedr. informasjonsinnhenting overordna analyse		
Rådmannen sitt brev av 30.10.12		
Oversikt sakshandsaming i personalsaker i Askvoll kommune		
Revisorbrev av 05.01.12 vedr. rådmannen si vurdering av risiko for misleghald i kommunen		
Rådmannen sitt svarbrev av 06.09.12 vedr. rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald		
IKT-strategidokument for SYS-kommunane, 2010 - 2013		
<u>Ikkje vedlagte dokument:</u>		
Interne styringsdokument; delegasjonsreglement, økonomireglement, innkjøpsreglement,		
personalhandbok for ASkvoll kommune, finansreglement, m.v.		
KOSTRA-nøkkeltal pr. 31.12.2011 (ref. www.ssb.no \ `Askvoll`)		
Fylkesmannen sine tilsynsrapportar kring særlovgevinga (ref. www.fylkesmannen.no `Askvoll`)		
teknisk kontor sin presentasjon til Kontrollutvalt i møte 21.11.2011		
E-post-korrespondanse mellom revisor og rådmannen, d. 09.10.12, 26.11.12 og 27.11.12		
Årsbudsjett, årsrekneskap og årsmeldingar, Økonomiplan 2013 – 2016, Askvoll kommune		
Kommunedelplanar/Sektorplanar		
Kommunestyret og Kontrollutvalet sine møteprotokollar		
Overordna analyse 2008 m/vedlegg		

1 Bakgrunn

Hausten 2008 utarbeidde KRYSS Revisjon ein overordna analyse for Askvoll kommune sitt kontrollutval. Denne vart seinare handsama av både kommunen sitt kontrollutvalet og av Kommunestyret i Askvoll. Dokumentet vart nytta som grunnlag for utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskaps-/eigarskapskontroll. Dagens forskrifter stiller krav om rullering av analysedokumentet og at det skal vedtakast ein ny plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for inneverande kommunevalperiode.

Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariat har teke opp spørsmålet om å få utarbeidd ein overordna analysen for Askvoll kommune, der kommunerevisjonen er beden om å gjennomføre dette arbeidet. I forskrifter for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004, er det lagt opp til at kontrollutvalet minst ein gong i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen bør rullerast, og grunnen til dette er at kommunane stadig er under omstilling og står overfor stadig større utfordringar, der nye oppgåver og ansvar blir tillagt kommuneforvaltninga. Risikoområda vil såleis kunne vere under kontinuerleg endring.

Forskriftene stiller krav om at *planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt* skal byggje på ei *overordna analyse* av kommunen si verksemd ut frå vurderingar av risiko- og vesentlegheit. Oppgåva er forholdsvis ny og ansvaret for både den overordna analysa og utarbeiding av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskaps-/selskapskontroll er lagt til kommunen sine øverste tilsynsorgan; dvs. Askvoll kommunestyre og kommunen sitt kontrollutval.

Tilsynsforskrifter for kommunane sine kontrollutval og revisjon, er tiltak frå lovgjeverane for å forsterke forvaltningsrevisjonen med tanke på auka kvalitet, omfang og effektivitet i den kommunale tenesteproduksjon, og den kommunale forvaltninga generelt. Som ein del av dette er ansvaret for forvaltningsrevisjon lagt til kontrollutvalet som må bestille dei konkrete forvaltningsrevisjonstenestene, følge opp gjennomføringa av prosjekta, og rapportere tilbake til kommunestyret.

Ein har i dette arbeidet bygt vidare på det analysedokumentet som låg føre hausten 2008, der revisjonen sin kunnskap om, og innsikt i, kommunane og kommuneforvaltninga er samordna kommune for kommune, samstundes som ein også har innhenta ytterlegare informasjon og kunnskap/dokumentasjon frå kommunen sin administrasjon. Ein har i dette arbeidet vore i drøftingsmøte/samtaler med kommuneleiinga og rådmannen i Askvoll om saka. Ein har i dette arbeidet også nytta seg av informasjon via KOMmunal og STATleg RAPportering (=KOSTRA-informasjon, økonomi- og tenestedata som kommunen sjølv har rapportert inn i databasen), og også fletta inn grunnlagsmateriale og revisjonsfaglege vurderingar som kommunen sine revisorar nyttar i sine prioriteringar og vurderingar i høve utarbeiding av ein *årleg* revisjonsplan for kommunen. Med bakgrunn i dette materialet gjorde revisjonen eit forholdsvis omfattande arbeid ved første gongs framskaffing av informasjon til, og for å utarbeide, ei overordna analyse av Askvoll kommune, og konkluderte på dette. Det er eit omfattande materiale som er gjennomgått på nytt, saman med ny informasjon, og som er oppdatert og innhenta frå rådmannen, og samanfatta i dette dokument. Bakerst, som vedlegg, ligg det føre nokre framlegg til moglege innspel og idèar som eventuelt kan nyttast til konkrete prosjekt i ein årsplan for forvaltningsrevisjon. Det ligg føre e-postkorrespondanse mellom revisor og konstituert rådmann på dette. Den 30.10.12 ligg det føre eit skriv frå rådmannen vedr. overordna analyse. Det er halde eit sammøte mellom revisor, rådmannen og einingsleiarane i Askvoll kommune den 18.10.12, der overordna analyse var tema. Det er gjev føringar for prioriterte

oppgåvere og utfordringar i komande år. Det er gjeve uttrykk for at administrasjonen ønskjer ei vurdering kring rutiner og berekningsgrunnlaget for sjølvkostområda og at rådmannen også ønskjer ei objektiv analyse av heile forvaltninga og den faktiske bemanningsplanen og kompetansen i sentraladministrasjonen og den enkelte etat/avdeling sett i lys av oppgåver som ein er sett til å løyse; jfr. brev av 30.10.12 frå rådmannen.

Det ligg utfordringar i dette for både kontrollutvalet og kommunestyret å velje ut forvaltningsrevisjonsprosjekt som har effektar på forvaltningsapparatet i form av kvalitetsheving og læring. Kontrollutvalet og kommunestyret i Askvoll kommune står heilt fritt i sine vurderingar/prioriteringar, og kan velge ut det ein måtte ønskje å sjå nærmare på. Det er imidlertid eit krav i gjeldande forskrifter at det skal gjennomførast minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt i kvar kommune kvart år. I forhold til intensjonen i dei samarbeida som er etablert i høve økonomiske motiv og føresetnader, bør ein vurdere samordning kommunar imellom med tanke på *gjenbruk* og *fleirbruk* (synergieffektar i arbeidet, osv.); - dette ikkje minst med tanke på kost-/ nytte-effektar og ressursbruk i høve tilsyns- og kontrollfunksjonane.

2 Føremål

Hensikta med forvaltningsrevisjon er m.a. å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det blir utført forvaltningsrevisjon, vert det sett fokus på økonomi og måloppnåing i ein vid forstand. Med henvisning til Kommuneleva § 77, nr. 4, kan *forvaltningsrevisjon* definerast som *"systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar"*.

Forvaltningsrevisjon fekk sin heimel ved endringar i Kommuneleva allereide den 23.09.1992, (Ny Kommuneleva, med verknad frå 01.01.93), og sidan den tid har ein stadig større del av revisjonen sine ressurser blitt nytta til den type revisjonsarbeid. Ved endringar av Kommuneleva frå 01.07.2004, blei dette ytterlegare forsterka, med eit nytt *Kapittel 12, om Tilsyn og kontroll*, der det også er utarbeidd nye forskrifter for revisjon av kommunar og om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar for tilsyn og kontroll i eigen kommune. Det øverste tilsynsansvar i kommunen er sterkt påpeika i lovendringane, og dette påkvider heilt og fullt *"kommunestyret sjølv"*; - dvs. i Askvoll kommune: Askvoll kommunestyre (§ 76), som har kontrollutvalet (§ 77) og revisor (§§ 78 og 79) som sine verktøy for å utføre den nødvendige kontroll og det nødvendige tilsyn med både eigenforvaltninga, og selskapskontroll (§ 80) i dei verksemdar der kommunen har særleg interesser eller er deltakar eller har (med-)eigarskap i.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort, men varierer også stort frå kommune til kommune. Mykje avhenger her også av kva *appetitt kommunen sitt kontrollutval* har til dette og kva ressurser som blir avsette til slikt arbeid gjennom årsbudsjettet. Ein kommune står overfor betydelege utfordringar. Sentrale myndigheiter, og også innbyggjarane, stiller stadig større krav til kvalitet. Myndigheitene stiller også større krav til økonomisk effektivitet og at kommunane vert drifta kostnadseffektivt. I tillegg har ein marknaden som bidreg til auka konkurransen om kompetansen i den offentlege forvaltninga. Det er også eit faktum at det i det offentlege har vore, og framleis er, eit manglande samsvar mellom mål og ressurser.

Dette betyr at kommunen må fokusere meir på styring. Dei politiske styringsorgan og forvaltninga elles (administrasjonen i kommunen) må styre etter fleire variablar (ikkje berre økonomiske data). Dei må ha tettare rapporteringar, kvalitet i rapporteringane, ei tettare oppfølging med tiltak, og ei stramare evaluering av måloppnåinga og ikkje minst ha ein reiskap for å

handtere avvik. Det blir såleis stilt større krav til kommunalt leiarskap og kommunalt (offentleg) eigarskap.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg tilsynsorgana – revisjonen og kontrollutvalet – til

- å synleggjere forbettringsområder som kan bidra til auka produktivitet og måloppnåing i forhold til politiske vedtak, intensjonar og føresetnader
- å bidra med informasjon til kommunen sine beslutningstakarar, som kan vere til nytte for
 - I. kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga
 - II. leiinga si vurdering av moglegheiter for meir sparsom/økonomisk drift, auka produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing

Identifisering og utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt er viktig slik at ressursane vert sett inn på rett område, og kommunen får prosjekt med høg nytteverdi, dvs. at forvaltningsrevisjonen gjev effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.

Tilbakemeldingar frå kontrollutval og administrasjonen i kommunane er at denne type revisjon er interessant og nyttig.

KRYSS Revisjon ønskjer å levere forvaltningsrevisjonsprosjekt som betyr noko for kommunen, dei folkevalde, administrasjonen og innbyggjarane !

3 Korleis er rulleringa av overordna analysa utført?

3.1 Modell

Den overordna analysa har teke utgangspunkt i modellen som er presentert i figuren nedanfor (sjå neste side). Til grunn ligg ei tradisjonell verdikjedeanalyse, som vi har tilpassa den kommunale organiseringa. For å identifisere truslar kommunen står overfor, har ein nytta seg av erfaringar frå tidlegare revisjon og den kunnskap og innsikt kommunerevisor sit inne med om kommunen. Sentralt her er også informasjon frå rådmannen og tenesteeiningane. I tillegg er det lagt opp til bruk av ein del nøkkeltal frå KOSTRA-rapporteringane (økonomi- og tenestedata). KOSTRA står for KOMmunal og STATleg RAPportering, og er eit nasjonalt rapporteringssystem der alle kommunar og fylkeskommunar i landet rapporterer rekneskaps- og tenestedata til ein felles informasjonsdatabase i Staten. Analysedokumentet bygger for øvrig på moment henta frå anerkjent teori og internasjonale standardar; jamfør revisjonen sine interne arbeidsdokument i høve produksjon av årlege revisjonsplaner overfor kommunen.

Det har i tillegg vore eit godt samarbeid mellom revisor og administrasjonen der ein har utveksla kunnskap om *oppdraget Askvoll kommune*. Ein har også prøvd å få fram kva kommunen sitt kontrollutval har ønskjer og målsettingar om i komande år når det gjeld forvaltningsrevisjon. Revisor har i skriv av 07.02.12 til rådmannen utfordra kommuneleiinga på å kome med innspel på områder som administrasjonen ser det ønskeleg å få undersøkt nærmare, og kanskje gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt på. Ein har hatt møte/samtale med rådmannen kring dette, med siktemål å klargjere roller og ansvar og for å få oversikt over dei styringsdokument som gjeld, samt korleis den politiske og administrative organisasjonsstruktur faktisk ser ut idag. Teknisk avdeling er i dag delt i to, *drift* og *bygg/vedlikehald*, og


det er i gong eit arbeid for å få samla *helseavdelinga* og *omsorgstenesta* til ein etat. Det er tilsett ny kommunalsjef for helse- og omsorgsetaten.

Det er i ei viss grad bygt vidare på sentrale styringsdokument som gjev føringar på korleis Askvoll kommune skal driftast, bl.a. årlege bindande årsbudsjett, økonomi- og handlingsplanar, område-/delplanar, politisk vedtekne styringsdokument (reglement, m.v.), årshjulet, årsrapportar/årsmeldingar, revisjonsberetningar og revisjonspapirer over fleire år, kontrollutvalet sine møtekart/saker dei siste åra, spesiell saker, revisjonsrapportar, Fylkesmannen sine tilsynsrapportar på ulike felt, KOSTRA-data, m.v. Alle innspel og refererte dokument er det i ei viss grad teke omsyn til, men vektlagt på ulikt vis. Det er eit forholdsvis omfattande bakgrunnsmateriale som er underliggende for det dokument som er samanfatta frå revisor si side, der fokuset heile vegen har teke utgangspunkt i *risikoforhold* og *vesentlegheit*, samstundes som ein bevisst har halde fokuset på eit *overordna nivå* slik forskriftene stiller krav om. Dette kan vere ein vanskeleg øvelse og ein vrien balansegang. Utfordringane her ligg imidlertid til kontrollutvalet og kommunestyret å velge ut *riktige* kontrollobjekt med *rett fokus*, der '*dypdykk*' inn i *kommuneforvaltninga* skal gjennomførast som eigne forvaltnings-revisjonsprosjekt.


Iflg. kommunelova vil den overordna målsettinga til kommunen vere *rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale ressursar og fellesinteresser*. For å nå dette målet må kommunen ha

- 👁 *ei god måloppnåing*
- 👁 *rett oppfølging av vedtak*
- 👁 *god økonomisk styring* og
- 👁 *ein optimal produktivitet*

Desse fire forholda blir vidare definert som føresetnader for å nå hovudmålet. Nedanfor viser vi desse forholda i ein figur som viser kommunen sin verdikjede:



Støttefunksjonar er funksjonar som gjer at kommunen er i stand til å utføre primærfunksjonane. Dette er styring, organisering og leiing, rutinar, prosedyrer, prosessar og system, kultur/væremåte og haldningar. I tillegg må ein kommune kunne forhalde seg til rammevilkår og samfunnsmessige forhold, t.d. ytre faktorar gjevne av Staten, og krav og rettigheter frå brukarane av dei kommunale tenester (innbyggjarane i kommunen). Endringar i rammevilkår kan vere endringar i rammeoverføringar, budsjettbevilgningar, og endringar i rente-/ eller løns- og prisnivå, m.v.



Forvaltningsapparata er under kontinuerleg vurdering og moglege endringar vil bli innarbeidde i organisasjonskarta når endringar vert gjennomførte.

I ei viss grad er det er lagt opp til bruk av KOSTRA-data for å identifisere risiko knytta til dei ulike føresetnadene. Dette blir gjort ved ei benchmarkanalyse (samanlikning) av sentrale nøkkeltal i kommunane, samanliknbare kommunar, osv. Dette er økonomi- og tenestedata som kommunane sjølve har rapportert inn til den sentrale databasen; - gjennom kvartalsvis og årlege innrapporteringar. *Frå revisor si side er det nytta reint revisjonsfaglege vurderingar og skjønn i høve risiki og vesentlegheitsvurderingar knytta til kommunen si forvaltning.* Desse vurderingane er tekne inn i eit *teknisk risikovurderingsskjema* (som i seg sjølv er eit dokument unnateke offentlegheit) forbeholdt *oppdragsansvarleg revisor* (administrasjonen har ikkje innsynsrett i revisjonsplandokument), men totalkonklusjonane og prioriteringane som revisor har gjort i høve risiki- og vesentlegheitsforhold, er i ei viss grad hensyntekke i det som ligg føre her. Desse er visualisert gjennom eit kakediagram med dei abstrakte talstørrelsar, og viser risiki- og vesentlegheitsforholda, vurdert frå revisor sin ståstad. Dette følgjer som vedlegg i dette dokument.

3.2 Risiko

Risikovurderingar og målsettingar heng nøye saman. Ei risikovurdering består av å identifisere relevante truslar når det gjeld oppnåing av kommunen sine målsettingar. Ein risiko i denne samanheng tyder berre at det er ei moglegheit for tap; - ikkje oppfylling av mål.

Det finst, eller bør finnast, ei rekke målsettingar i kommunen. Målsettingar kan vere kommunen sine strategiar og verdiar eller målsettingar for dei einskilte tenestene, for rekneskapsrapportering, eller generelt for å halde drifta innan lover og reglar og vedtak. Årsmeldinga til Askvoll kommune for 2011 er eit fyldig og informativt dokument som har i seg omtaler og vurderingar kring kommunen sine målformuleringar og måloppnåing i 2011. I einkvar kommune bør det vere ei målsetting at ein ikkje berre skal rapportere på økonomiske tall og budsjettkontroll/-avvik, men også rapporterer på status i høve mål i årsbudsjettet/verksemdplanen og tenestene (føresetnader, innhald, omfang, kvalitet, osv.) ein tilbyr innbyggjarane i kommunen.

Det er kommunen sitt interne kontrollsystem (administrative rutinar) som skal identifisere/avdekke og motverke risikoforhold. Risiko kan skuldast både eksterne og interne faktorar. Eksterne faktorar kan vere ny lovgjeving eller nye reguleringar/endringar, reformer eller omstillingar, ny-organisering, etc., som gjer at driftsplanar, delegasjon, rammeverk, sentrale styringsdokument og strategiar må endrast. Det kan også ha med økonomiske endringar å gjere. Desse kan ha innverknad på avgjerdslar/beslutningar om finansiering eller kapitalutgifter. Interne faktorar kan vere eit samanbrot i IKT-systema, nedetid, e.l. Dette kan ha stor innverknad på drifta eller endringar i leiinga som påverkar måten einskilte kontrollrutiner vert utført på.

Etter å ha identifisert ein trussel, må ein vurdere kor stor risikoen er. Ein trussel som ikkje har nokon betydning eller konsekvens for kommunen, og som med lav sannsynlegheit vil inntreffe, er det mindre grunn til å uroe seg over. Risikoen vert difor fastsett av to forhold; *konsekvensen og kor vesentleg eit forholdet er, og kor sannsynleg det er at dette vil kunne skje.*

3.3 Identifisering av risikoområde i kommunen

Den overordna analysa består i å identifisere eksterne og interne faktorane som utgjer risiko for at kommunen ikkje skal nå føresetnadene. Det er eigenskapar ved dei fire støttefunksjonane som avgjer kva slags risiko det t.d. er for at kommunen ikkje har ei god økonomistyring. Analysa er utført ved hjelp av eit forholdsvis detaljert skjema knytta til kvar av dei fire føresetnadene. Revisor sine vurderingar er vertikalt knytta til dei ulike forvaltningsområda, på tvers av organisasjonsstrukturen, og er talfesta. Om *kommunen har formulert strategiar/overordna mål for den økonomiske utviklingen inneværende år, og på lengre sikt*, er eit spørsmål som revisor stiller for å finne ut om styringa, og måten styringa skjer på, er eit risikotilhøve i seg sjølv. Det er frå revisor si side innhenta særskilt eit eige strategidokument for det som gjeld *"IKT-strategi for SYS-kommunane for perioden 2010 – 2013"* (som Askvoll er deltakar og medeigar i). Desse dokumenta er tekne inn som referansedokument i saka. Forhold som seier noko om kva slags risiko rutinar og system utgjer i forhold til god økonomistyring, vert vurdert mot omfanget og kvaliteten på dei rutinar og kontrolltiltak som skal sikre korrekt økonomisk informasjon til rett tid.

Utfyllinga av det tekniske risikovurderingsskjemaet er gjort ved samtaler revisjonsteamet imellom (heri oppdragsansvarleg revisor), der ein også har lagt til grunn informasjonsinnhenting som ligg føre frå kommuneadministrasjonen.

Dette betyr at det i det alt vesentlege er lagt opp til ei besvaring basert på den erfaring, kunnskap og innsikt kommunen sine revisorarar har om kommunen, med supplement frå det administrasjonen har gjeve i sine tilbakemeldingar. Det må her også nemnast at sentrale kommunale dokument som årsbudsjett, årsrekneskap, årsmeldingar og plandokument, etc., er gjennomgått for innhenting av naudsynt informasjon. Risiko her blir såleis berre identifisert på eit *overordna nivå*. I bakgrunns materialet som ligg til grunn for analysa, ligg såleis også ei *revisjonsfagleg/teknisk risikovurdering* som er gjennomført av revisor i samband med utarbeiding av revisjonsplan for kommunen/oppdraget, samt dei siste års møteprotokollar frå kontrollutvalet i Askvoll kommune og eventuelle konkrete vedtak som politiske styringsorgan eller spesielle tiltak som administrasjonen har gjort (om det finst slike av vesentleg karakter).

I sum munnar dette ut i nokre abstrakte talstørrelsar som viser indikatorar på kva områder som bør tillegast vekt i den komande kontrollperiode. Ut frå dette, og den øvrige informasjon som ligg til grunn, har ein søkt å kome fram til ei *uprioritert liste* over kva slags område som er mest risikofylte, eller kva kontrollutvalet bør vurdere å ta med i sine prioriteringar for komande år når det gjeld forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvelginga av forvaltningsrevisjonsprosjekt på bakgrunn av den overordna analysa vil derfor kunne sikre fokus på områder der risikoen er vurdert å vere størst. I dette ligg også innbygt vesentlegheitsvurderingar, gjort av revisor og ønskjer fremma frå administrasjonssjefen si side. Inklusive i dette ligg det også at det kan vere hensynteke spesielle problemstillingar som administrasjonen ønskjer nærmare vurdert, eller områder som administrasjonen sjølv faktisk ønskjer nærmare tilsyn og kontroll på; - både generelt for heile kommunen, men også konkret i høve dei ulike fagfelta som kommuneforvaltninga skal ta seg av.

3.4 Rammeverk for god kommunal forvaltning :

Dei viktigaste føremåla med å ha etablert ei trygg og god kommunal forvaltning, er at det blir skapt, og at ein opprettheld, eit tillitsforhold mellom kommunen og omverda. Innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestene, er viktige aktørar i dette, men det er også viktig at tilliten blir oppretthalden også i forhold til forretningsmiljøet, næringslivet og myndighetene.

Med forretningsmiljø og næringsliv forstår ein i denne samanheng det lokale næringsliv, bank og finans-/kredittinstitusjonar, leverandørar, kundar, lokale foreiningar, lag og organisasjonar, andre kommunar og eventuelle interkommunale samarbeid i regionen/distriktet.

Lokalforvaltninga - som ein kommune og kommunestyret *er* i denne samanheng – er styrd av myndigheitene gjennom lover og forskrifter, og myndigheitene fører sjølv kontroll og har tilsyn med lokalforvaltninga i den løpande drifta. Her spelar også media ei etterkvart ikkje ubetydeleg rolle; i forholdet mellom kommune og den omverdenen kommunen skal ha tillit ifrå. Ved å etterleve dei grunnleggjande prinsippa i god kommunal forvaltning (internasjonalt nemnt som: "*Corporate Governance*" / God verksemdstyring), vil også forholdet til media kunne byggast på ein positiv måte for alle partar ved at kommunen har åpenheit omkring saker, sakshandsaming og vedtak.

I perspektivet *god kommunal forvaltning* er det viktig at *kommunestyret* - som direkte etter lova framstår som det øverste myndighetsorgan og samstundes også skal opptre som det øverste tilsynsorgan i kommunen -, ivaretek behovet for tilsyn og kontroll på ein tilfredsstillande måte. Ansvar er nedfelt i kommunelova, og bevisstgjer og understrekar viktigeita av tilsyn og kontroll. Årsaka er enkel: Innbyggjarane og skattebetalarane skal ha tillit til at kommunen forvaltar fellesskapet sin interesser på best mogleg måte, og etter dei politiske avveiningar og prioriteringar som til eikvar tid blir gjenspeila i kommunestyret si samansetting, og gjennom dei intensjonar og premisser som blir lagt i kvart års budsjettvedtak. I dette ligg det at ein skal strebe etter å få best mogleg tenesteyting ut av kvar krone i årsbudsjettet. Rådmannen sine viktigaste oppgåver er å sørge for at beslutningsgrunnlaget for politiske vedtak er tilfredsstillande og grundig gjennomarbeidd, og at politiske vedtak blir effektivt og gjennomført, og at kommunen elles følgjer dei bestemmelsar som gjeld for forvaltninga. Eit velfungerande samarbeid med god kommunikasjon og åpenheit mellom politisk leing og administrasjonen, anser ein som ein grunnleggjande føresetnad for god kommunal forvaltning.


Gjennom følgjande skisse/figur prøver vi å beskrive *kommunal organisering og rammeverket for god kommunal forvaltning*:



Den til eikvar tid sittande kommunalminister har sidan 2008 gjeve klare meldingar om at det skal stillast strenge krav til tilsynsfunksjonane i kommunen, og at kontrollutvalet vil få større ansvar og fleire oppgåver framover. Kommunal og Regionaldepartementet har gjeve ut 85 tilrådingar som har fokus på kommunal eigenkontroll i kommunane. Det same har Riksrevisjonen og Riksrevisor gjeve uttrykk for dei siste åra. Kommunen må såleis sjå til at det blir avsett tilstrekkeleg med ressursar for å ha tilfredsstillande tilsynsfunksjonar med eigen forvaltning. Kontrollutvalet er Kommunestyret sitt tilsynsorgan, og det er nettopp kontrollutvalet som skal sikre at oppgåvene blir skjøtta tilfredsstillande ved bl.a. å

- ☛ gjennomføre ei overordna analyse (risikovurdering) av kommunen si evne til å etablere og gjennomføre målsettingar og strategiar
- ☛ lage ei plan for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune
- ☛ bestille tenester for å kunne gjennomføre det som står i planen
- ☛ gjennomføre forvaltningsrevisjon (etter ein bestillar-utførar-modell)

Gjennom figuren nedanfor beskriv vi det interne og det eksterne tilsyn i kommunen:



4 Risikoområder i Askvoll kommune

4.1 Produktivitet

Produktivitet er forholdet mellom ressursane som kommunen set inn og tenesta/-ene som blir utført/levert. Dvs. kor mykje kommunen klarer å "produsere" ut frå dei tilgjengelege ressursane som ligg innebygt i driftseiningane sine budsjetttrammer.

Askvoll kommune har over lengre tid vore organisert med ein tradisjonell etatsstruktur. Dette har såleis vore "ein sett" / etablert organisasjonsmodell som kommunen har hatt i mange år. Askvoll Kommunestyre gjorde i møte 16.06.2008, sak 042/08, vedtak om 'administrativ organisering av Askvoll kommune'. Det vart der gjort vedtak om at Askvoll kommune skulle vidareføre etatsstrukturen sin på dei to store etatane, undervisning og omsorg, og at det skulle etablerast 4 driftseiningar etter ein to-nivå-modell: LAF (Landbruksforvaltning Askvoll og Fjaler), NAV og helsetenesta. Teknisk etat og kultur og næringsetaten vart lagt til stab under sentraladministrasjonen. Etablering av ein vaktmeistersentral vert også vedteke gjennomført. I vedtaket heitte det også at omorganiseringa skulle iverksetjast umiddelbart, og prosess med politisk organisering skulle ta til etter sommarferien i 2008. Det er skifta rådmann fleire gonger dei siste åra og hausten 2011 vart det valt nytt Kommunestyre og ein ny politisk organisering. I 2011 og inn i 2012 gjort nye endringar som dagens organisasjonskart viser. (sjå politisk og administrativt organisasjonskart, side 7 ovanfor). Det er gjort vedtak om å forlate hovudutvalsmodellen, der desse er avskaffa ved at kommunen er gått over til ein såkalla komitèmodell, med tillegg av dei obligatoriske utvala i hht kommunelova sine krav. Etter revisor si oppfatning er det mykje som er i støypeskeia enno, og det ligg utfordringar i å få på plass nye styringssystem som samsvarar med den nye politiske styringsmodellen, bl.a. ansvars- og oppgåvefordeling, delegasjonsfullmakter og samhandlinga mellom tenestene, kommuneleiinga og dei nye politiske fora. Dette gjeld også sakshandsaming, dokumentflyt, fakturaflyt, scanning-funksjonane, osv. Det er gjort politiske vedtak kring fleire sentrale styringsdokument, og det er den 18.06.12 vedteke av kommunestyret ein eigen 'Personalhandbok for Askvoll kommune' Pr. dato er vi ikkje kjende med kor langt alle desse prosessen er komne, men ein har inntrykk av at det blir arbeidd kontinuerleg med dette for å få på plass dei rutiner og dei ressursar som skal bidra til ei mest mogleg rasjonell og effektiv forvaltning til beste for brukarane av dei kommunale tenester i Askvoll kommune.

Dei seinare åra har det vore skifte i rådmannsstillinga og det har vore kortare eller lengre sjukdomsfråvær i sentrale stillingar. Periodisk har det vore konstituering i desse stillingsheimlane. Ei omorganisering i administrasjonen har også vore gjort det siste året, med endringar/nytilsettingar innafor sentralstaben. Det er gjort visse omleggingar i arbeidsoppgåver og ansvarsområder. Kommunen har eit omfattande sett av plandokument, og fleire interne styringsdokument, reglement, m.v. Dei fleste av desse er handsama og vedtekne av Askvoll Kommunestyre. Fleire av desse er, og andre vil bli, endra/justert i nær framtid, pga omorganisering. Det vil ta noko tid før alt er på plass. Det er lagt ned ein del arbeid med å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar, og kommunen er med i interkommunale samarbeid på ulike områder innafor regionen som kommunen soknar til (HAFS (rådmanns-/ordførarkollegiet), FØYS (økonomi/rekneskap, m.v.), SEKOM (kontrollutvalssekretariat), KRYSS Revisjon, (kommunerevisjonen), SYS IKT (EDB/informasjons- og kommunikasjonteknologi), SYS IKL (interkommunalt legevaktsamarbeid), og nye samarbeid er på gang som ein konsekvens av samhandlingsreforma.

Gjennom ei rekke overordna, vedtekne, styringsdokument som fortel korleis kommunen skal driftast og styrast, og kva tenesteomfang som skal vere etablert overfor innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestilboda, ligg det føre målformuleringar i høve tenesteyting

og kva prosessar og system som skal vere iverksett for å yte det mangfold av tenester som ligg i dei årlege budsjettløyvingane. Årsbudsjetta er bindande og styrande for dette. I dette ligg også innebygt overordna målsettingar og prioriteringar. Slike overordna mål er ein nyttig reidskap for å analysere og effektivisere tenestene. Ikkje alle målsettingar er klart nok definerte, eller er vagt formulerte, eller kanskje manglar dei heilt på einskilte områder; - og kanskje er ikkje målformuleringane eller tenesteerklæringar nedteikna eller dokumenterte i det heile, på ulike tenestekområder.

Det kan vere interessant å vurdere i kva grad målsettingane vert nådd. Uansett bør ein ha dette 'i mente' når ein for 2012 rullerer overordna analyse for risikiforholda i kommunen. Ein må i denne samanheng også hensynta vurderingar knytta til kommunen sine deltakingar i interkommunale samarbeide på ulike felt i regionen. Det er ulike planar for effektivisering og modernisering av driftsmodellen i ein kommune, og kva framdrifta i dette er i Askvoll kommune no, har ein ikkje fått klare svar på no. Ein vil tru at dette går seg til etter kvart som den forvaltningsapparata finn seg til rette i den nye organisasjonen (politisk og administrativt). Det er imidlertid vårt inntrykk at ein evaluerer dette fortløpande; - også dei interkommunale samarbeida som kommunen pr. dato er involvert i -, samstundes som ein vurderer nye samarbeidsformer på ulike områder med nærliggande kommunar i regionen. Samhandlingsreforma og interkommunalt legevaksamarbeid og interkommunalt samarbeid innafør økonomi og IKT er eksempler på det. Kommunen har i det vesentlegaste samarbeida nordover, med særleg vekt på Sunnfjord-samarbeida, og med nærliggande kommunar i HAFS-området. Også desse forholda kan det vere interessant å sjå nærmare på; - i kva grad kommunen har fått nokon nytteverdi av dei 'investeringar' som er gjort frå kommunen si side i dei etablerte/ formaliserte samarbeida.

Kommunen har oppretta eigne tenesteeiningar (resultateiningar), og kommunen har framleis eit detaljert spesifikasjonsnivå på både budsjett og rekneskap. Omorganiseringa som er igongsett vil kunne bidra til at delar av oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen, vil vere sett ut til dei ulike tenesteeiningane, eller er koordinert gjennom teamet i administrasjonssjefen (rådmannen) sin stabsfunksjon. Dette gjeld bl.a. budsjettoppfølging/ rekneskapsrapporteringar, tilvising av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, og handtering av regelverk knytta til dette. Dette tyder at relativt mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket. Før/tilvising av løn, registrering/kodesetting av inngåande fakturaer og fakturering av kommunale tenester, har vore sentralt forankra på kommunekassa/økonomikontoret. F.eks. i den elektroniske tilvisingskjeden i scannerrutinen av fakturaer, som blei innført våren 2012, vil det vere eit kompetansekrav at regelverket kring moms-og momskompensasjon er kjent ute, ved at korrekt kode skal settast inn ved elektronisk tilvising. Det er teke i bruk ein del programvarer i støttefunksjonar, og scanning av post og fakturaer avhjelper det daglege forvaltningsapparatet. Ansvaret for aktuelle refusjonskrav/refusjons-ordningar for ei tenesteeining, ligg i dag i utgangspunktet til den einskilte ten-esteeining, men i praksis vert dette følgt opp av sentraladministrasjonen (økonomisjef/ økonomiansvarleg). Her ligg det utfordringar i at "*saker og ting (ikkje) fell mellom to stolar*" ! Dei interkommunale samarbeida kring økonomi/rekneskap (FØYS) og IKT (SYS IKT) har utvilsomt bidrege til ei meir rasjonell og effektiv drift. Ein er ikkje kjend med om det er føreteke nokon evaluering av desse samarbeida i seinare tid.

Tenesteeiningane rapporterer forholdsvis tett inn imot toppleiinga, med perioderapporteringar til dei folkevalde (tertialrapporteringar i året og ved årsslutt/årsoppgjeret). Rapporteringane er standardiserte og vert kontrollerte og 'samansyddde' frå rådmannen si side.

KOSTRA-data innheld verdifull informasjon, og bør kunne vere eit vesentleg styringsverktøy i einkvar kommune. Dersom KOSTRA-data ikke vert nytta i tilstrekkeleg grad, kan *det* i seg sjølv utgjere ein risiko ved at kommunen går glipp av verdifull styringsinformasjon. Dette kan også påverke kommunen sine inntekter direkte, fordi KOSTRA-data til ein viss grad ligg til grunn for rammeoverføringane og styringskriteria for det kommunale inntektssystem. Nøyaktigheit i rapportering av økonomi- og tenestedata til KOSTRA-databasen er såleis særdeles viktig. Dette bør ein vurdere å sjå nærmare på.

Via ordinær rekneskapsrevisjon og substanskontrollar (analytisk og bilag, m.v./finansiell revisjon) undersøker revisjonen bruk av både art og funksjon, og ikkje minst kodesetting i høve moms/momskompensasjon, for slik å bidra til at kommunen har ei mest mogleg korrekt økonomikontering/-rapportering. Det er revisjonen si vurdering at kommunen har kvalitetssikra grunnlagsdatahandteringa for det som vedkjem økonomidata (inn-/ut-betalingar, faktura, løn, m.v.), og at handteringa av regelverket kring regelregima for moms og momskompensasjonsordninga er tilfredsstillande. Revisjonsmessig har ein *lege forholdsvis tett på* administrasjonen si grunnlagshandtering og bokføring, med avviksvurderingar i høve budsjettkontroll, bokføring og kodesetting i grunnlagsdataene for rekneskapen.

Vi har i dette arbeidet ikkje gjort vidare vurderingar kring dei folkevalde og administrasjonen si oppfølging av at politiske vedtak blir korrekt, raskt og effektivt effektuert, og at økonomiske forhold i tilknytning til dette, blir korrekt handsama rekneskapsmessig; heri inn- og utbetaling, etc.

Det er revisjonen si oppfatning at det bør vere utarbeidd serviceerklæringar og/eller tenesteerklæringar for dei fleste einingane/tenesteområda. Dette kan bidra til å sikre god produktivitet, fordi det vert klart for dei tilsette kva som skal ystast, og kva omfang og kvalitet den einskilde teneste skal ha. Leiinga skal sikre at alle tilsette leverer tenestene på same måte, og slik sett skal ein kunne ha betre kontroll på bruken av ressursar. Her kjem også prinsippet om *likebehandling* inn. Organisasjonsmodellen fordrar ei *sterk og handlekraftig leiing*, samstundes som tenesteeiningane skal etterleve særlovgevinga og dei delegasjonsfullmakter og reglement som er gjeldande på dei ulike områder. Her vil internkontroll, verifisering av denne, og *'testing av kontrollar' (systemtestar, m.v.)* vere stikkord som også bør kunne sjåast på i lys av produktivitet.

Revisjonen er usikker på korleis dette vert handtert og kva oppfatning/inntrykk som er i forvaltninga og *kontrollmiljøa* vedr. utøvinga av leiarskap med streng/stram økonomisk styring og kontroll, *når ein ser kommunen under eitt* (totalt sett). Det er likevel revisor si vurdering at kommunen har ei leiing som framstår med tiltak og handling når utfordringar dukkar opp. Å ikkje gripe inn på eit tidleg stadie, og evt. utsette tiltak og handlingar, kan skape uro og uorden i ein forholdsvis liten og gjennomsiiktig organisasjonsstruktur med forholdsvis avgrensa organisasjonsledd og små einingar/forvaltningsområder.

Det er tidlegare levert eigen revisjonsrapport kring rutinane i barnehagane når det gjeld søknad, tildeling av plass og samhandlinga med kommunekassa i høve barnehagebetalinga. Det er også gjort tilvarande i høve pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie og pensjonærbetaling i kommunen. Det er også gjennomført eit eige forvaltningsrevisjonsprosjekt som har teke for seg eit fokus om bruk av KOSTRA-analyse (økonomi- og tenestedata) innafor pleie- og omsorgssektoren i Askvoll kommune. Dette siste prosjektet vart levert til Kontrollutvalet i 2011 og har fått si handsaming av både det gamle og det nye kommunestyret (etter valet), med oppfølging av HSU (tidlegare Helse- og Sosialutvalet) og no 'komitèen for oppvekst, omsorg, helse og kultur'. Detaljar i dette har vi ikkje gått inn i.

Innbyggjaren og brukaren av det kommunale tenestetilbod har krav på, og bør kunne få, ein tryggleik i høve til kva som kan forventast, og på kva grunnlag ein kan klage på ein teneste.

Sakshandsaminga vert regulert av bl.a. forvaltningslova, som er heilt klar på korleis dette skal vere. Sjølv utredningsplikta er forankra direkte i kommunelova § 23, og det er administrasjonssjefen (rådmannen) som sit med det overordna ansvar for at dette er forsvarleg og tilstrekkeleg, og at lov og forskriftsverket vert etterlevd og følgd. I dagens lovverk er det *krav om skriftleg sakshandsaming i offentleg sektor*, og dette kan ein ikkje organisere eller delegere seg bort ifrå. I dette bør eventuelt inngå korleis etterlevinga av forvaltningslova og offentleg-lova sine bestemmelsar er, og heri korleis sakshandsaminga er i klagesaker, t.d. mellombels svar, dokumentflyt, dokumenthandtering, handtering av e-post, arkivstatus i saker/sakshandsaminga i tenesteeiningane, osv.

I eit produktivitetsperspektiv kan det også vere greitt å sjå litt på og eventuelt gå inn i det daglegdagse kring IKT, support/hjelp/bistand innafor ulike programvarer, nedetid, etc. IKT-system som vert "køyr" i '*eigen regi*', stiller krav til, og utfordringar for, forvaltninga på dette området, samstundes som kommunen skal *drifte dette sjølv*. Askvoll kommune er med i eit interkommunalt samarbeid med felles IKT-system (Agresso, ACOS, m.m.), og dette tyder m.a. at kommunen sjølv ikkje har det heile og fulle *praktiske* ansvaret for oppgraderingar av systema, sikkerheit og 'back-up', etc. Kommunen vil imidlertid kunne vere sårbar i høve til tilsette med IKT-kunnskapar lokalt i eigen forvaltning, men inn i 2012 opplever ein ikkje dette som nokon område med særskilde problemstillingar rundt. IKT er eit viktig område, fordi mykje av det daglege arbeidet som vert utført, fordrar at systema er operative og fungerer; og inneheld rett informasjon til eikvar tid. Det bør kunne vurderast å kome med innspel på om det bør setjast søkjelyset på ei '*kost-/nytte-vurdering*' *kring bruken av IT-verktøy*, og om bruken av ressursar står i stil med nytten av bruken av IT. I dette bør det også ligge innebygt ei vurdering av om administrasjonen sin ressursbruk er rimeleg i høve dei oppgåver som skal løysast.

I forhold til produktivitet som vinkling bør det også kunne vurderast å sjå på kommunen sine rapporteringar av økonomi- og tenestedata (til KOSTRA og eventuelt andre), og kommunen sin *eigen* bruk av denne informasjonen, i forhold til økonomirapportering, økonomistyring, perioderapporteringar og resultatrapporteringar, avvikshandteringar, etc.

Å evaluere eigen organisering – både politisk og administrativt – bør vere ein løpande prosess som føregår i alle kommunar i dag. I kva grad det kan vere aktuelt å gå inn einskilte fagområder/tenestoområder, eller ulike utval, etc., har vi ikkje gått djupare inn i no. Vi viser likevel her til det rådmannen har skrive i sitt brev til revisjonen, d. 30.10.12, der han kjem med innspel om kompetansekontroll i egne avdelingar inklusive sentraladministrasjonen og rådhuset. Det vert vist til brevet som er teke med som vedlegg i analysedokumentet.

Det bør vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon med produktivitet som vinkling, t.d. knytta til ressursbruk og organisering av tenester.

4.2 Oppfølging av vedtak

Askvoll kommunestyre og andre politiske organ gjev føringar, og vedtek, kva mål kommunen skal ha og kva premissar og intensjonar som ligg i dei årlege budsjettløyvingar og einskildvedtak gjennom året.

Ansaret for å følge opp saker ligg som regel på den einskilde sakshandsamar. Storleiken på kommunen og kommunikasjonen mellom tilsette, og mellom administrasjon og politisk nivå, tilseier at risikoen knytta til dette området er akseptabel.

Einskilde vedtak som ikkje vert følgd opp til rett tid, vil som regel bli peika på av dei politiske styringsorgana. Revisjonen opplever ikkje manglande effektivering av gyldige politiske vedtak som noko problemområde i Askvoll kommune, men dette er noko revisjonen ikkje har gått djupare inn i. Revisjonen er kjend med *arkivforholda* kring sentraladministrasjonen og *korleis dokumenthandteringa* i det alt vesentlege finn stad. (Arkivlova, sikring, forvaltningslova, offentlegheitslova, organisering av Tenestekontoret, postlister, sakshandsaming, kommunekassa, m.v.).

Etter Kommuneleva § 23, nr. 2, er det administrasjonssjefen som skal påsjå at saker vert førelagt dei folkevalde organa, og at eikvar sak er forsvarleg utreda, og at vedtak blir iverksett. Vi kjenner ikkje til at vedtak systematisk ikkje vert følgd opp av administrasjonen.

Ansaret kan ein ikkje delegere bort, men avgjerdsmynde er i stor grad flytta (delegert) utover i organisasjonen; både politisk og administrativ avgjerdsmynde. Kommunen nyttar seg av utstrakt bruk av delegasjon, og i den samanheng kan det vere aktuelt å sjå nærmare på kva regelverk som er, korleis dette virker, og i kva grad vedtak i delegasjonssaker, o.l., vert rapportert attende til overordna; - internt i administrasjonen og til dei overordna politiske styringsorgana. Kommunen har ein realtivt ny politisk struktur med komitèar der hovudutvala er teke bort.

Det er konstatert at kommunen har forholdsvis gamle reglement som burder vore oppdaterte på ein del felt i høve dagens organisering. Ein er kjend med at dette vert det arbeidd med frå administrasjonen si side, slik at ein får betre samsvar mellom styringsdokumenta, oppgåve- og ansvarsområda, i tråd med den forholdsvis nye og ferske administrative og politiske styringsstrukturen i kommunen..

I ein kompleks organisasjonsstruktur som ein kommune er, meiner vi at det alltid vil eksistere ein viss risiko for at vedtak ikkje blir følge opp, og vi meiner derfor at det på generellt grunnlag kan vere behov for å sjå nærmare på forvaltningsapparatet, og eventuelt gjennomføre forvaltningsrevisjon på dette området.

4.3 Økonomistyring

Økonomistyring har med styring og fordeling/ oppfølging av knappe ressursar å gjere. Det er viktig at avgjerder vert bygd på rette opplysningar, dvs. at det ligg føre eit godt grunnlag for å styre dei knappe ressursane. Dette stiller krav til at det vert føreteke rapporteringar med korrekt, oppdatert økonomisk informasjon til rett tid, slik at politikaren til eikvar tid har så nøyaktig informasjon som mogleg å byggje sine vurderingar og beslutningar/vedtak på.

Dette er også viktig for administrasjonen sjølv i den løpande/daglege driftssituasjon, og ikkje minst historisk å kunne vise til at lovverket sine krav til skriftleg sakshandsaming, med framlegging av saker til dei politiske styringsorgana (gjerne i tråd med delegasjonsreglement, m.v.) er følgde. Å ha ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande sakshandsaming i alle økonomisaker er særdeles viktig; - ikkje minst på bakgrunn av at dette munnar ut i rettar og plikter av øko-

nomisk karakter, som gjerne bind både kommunen og brukaren (andre), og som også skal (kan) medføre inn- og utbetalingar, bokføringar, osv.

Kommunen har ein fireårig økonomiplan, årsbudsjett og rapportering i høve til dette. I 2012 har dei sjølvstendige tenesteeiningane krav på seg til periodevis å rapportere økonomi- og tenestedata på måla i sine planar. Det er nødvendig at administrasjonen synleggjer ressursbruken slik at politikarane i neste omgang kan justere budsjettet og evt. styre på annan måte. For alle styringsføremål er det viktig at rapporteringa inneheld rett informasjon til rett tid.

"Årshjulet" styrer mykje av budsjettprosessen og rapporteringsrutinane. Det bør vere fokus på kommunen sine sentrale styringsdokument; som bl.a. kommunen sitt delegasjonsreglement og økonomireglement. Årsbudsjettet er *ein bindande plan uttrykt i pengar*. *Budsjett er til for å følgjast og skal i utgangspunktet ikkje overskridast*. Det skal ligge føre *budsjettdekning for* kostnaden/utgifta blir påført kommunen. Dette er utgangspunktet i lov- og forskriftsverket. Det vedtekne årsbudsjettet er såleis bindande for eitkvart tenesteområde og administrasjonen, og også for alle politiske styringsorgan underordna kommunestyret, og for kommunestyret sjølv. Det er også kommunestyret sjølv som er det øverste tilsynsorgan i kommunen. Det er kommunestyret som organ som innehar det overordna ansvar for styringa av heile forvaltningsapparatet, og rådmannen er den øverste administrative leiar (administrasjonssjefen) for administrasjonen. Ordføraren er den øverste politiske leiaren.

For å styre på ein god måte, er det naudsynt å sjå budsjett og rekneskap i samanheng. I Askvoll kommune er budsjett og rekneskap samanliknbart på detaljert nivå. Det er revisjonen sine vurderingar at omorganiseringa som har vore gjennomført det siste året, vil kunne bidra til ei klarare fordeling av ansvar, slik at delar av økonomistyringa totalt sett kan bli klarare og betre. Det vil måtte ver ein kontinuerleg prosess framover å evaluere organisasjonsmodellen i dette perspektivet; i alle fall fram til den nye organisasjonen *har sett seg*. Den generelle oppfatninga i dag i den administrative organisasjonsstrukturen er at endringane som er gjort, har som målsetting å bidra til mange positive verknader på forvaltninga, men at det vil ta noko tid å få alt på plass.

Kommunen har økonomiske utfordringar i komande årsbudsjett, med knappheit på midlar ut frå tenestefang og dei krav som er stilt til kommunen i særlovgjevinga.

Regelverket krev at byggjerekneskap skal leggst fram for revisor, kontrollutval og kommunestyret. Kommunen har retningslinjer for dette i det vedtekne økonomireglement. Ferdigstilte byggjerekneskap skal leggst fram som einskildsak til godkjenning. Dette har det vore sett fokus på, og dette har også vore *stressa* frå tilsynsorgana si side. Revisor har hatt merknader/presiseirngar kring dette i revisjonsberetningane dei siste åra. Det kan vere aktuelt å sjå nærmare på kommunen si handtering av regelverket på dette området, og om byggjesaksprosessane følgjer Lov om offentlege anskaffelsar, og om framdrifta i byggjesaksprosessen samsvarar med det som er skildra i kontrakt og avtaler og interne reglement i kommunen.

Det administrative organisasjonskartet viser korleis kommunen er organisert. *Rådmannskontoret* består av rådmannen, assisterande rådmann, rådgjevar og arkivleiar, og med tre avdelingar i staben; økonomiavdelinga, avdeling for teknisk drift og avdeling for bygg og eigedom. Helseavdelinga ligg også under rådmannskontoret, men er i praksis ganske sjølvstendig. Den *store leiargruppa* består av etatsjefar og avdelingssjefar, og har møte ca ein gong i månaden. Den *sentrale leiargruppa* består av rådmannen, assisterande rådmann,

kommunalsjefane for oppvekst og helse/omsorg, og har møte kvar måndag. Det er forholdsvis små og oversiktlige forhold i kommunen. Frå revisjonen si side kan det vere aktuelt å sjå på dei beskrivande ansvarsfordelingar og styringskriteria, utover det som er nedfelt i kommunen sitt økonomireglement. I dette vil inngå rutinane kring kommunal fakturering, og kva ordningar som er etablert når det gjeld oppfølging av refusjonsordningar og produksjon av grunnlagsdata for refusjonskrav, sjukepengerefusjonar, innkrevingrutinar, m.v.

Momskompensasjonsregimet er eit relativt nytt regelverk som omfattar heile kommuneforvaltninga. I dag er det kvar einskild tenesteeining som har ansvaret for den *posteringsordre* som vert tillaga som bokføringsgrunnlag overfor kommunekassa. Korrekt moms- og kompensasjonshandsaming er viktig, for dette representerer store pengebeløp alle einingar (kommunen) sett under eitt. Området er underlagt særattestasjon frå revisor si side 6 terminar i året, og vil uansett inngå i revisor sitt ansvar og oppgåve når det gjeld *finansiell revisjon*. Det bør kunne ligge til rette for nærmare undersøkingar med ditto rapportering til kontrollutvalet kring denne problematikken i kommuneforvaltninga. Slik revisjonen vurderer dette saksområdet i Askvoll kommune i dag, er det forholdsvis liten risiko for feil og manglar, med veldig god kvalitet på det arbeidet som vert utført kring kodesettinga av fakturagrunnlaget, når det gjeld handsaminga av moms- og momskompensasjonsregelverket i kommunen. Etter revisor sin oppfatning er det god intern kontroll på økonomiavdelinga i høve tilvisingsdata og dokumentasjon/bilag som går til registrering i fakturaflyten. Scanning av fakturaer er eit stikkord her.

Det er særskilte reglar for sjølvkostområda i kommunane. I hovudsak gjeld dette vatn, avløp, renovasjon, byggjesak, SFO, m.fl. I dag er det krav om særskilde noteopplysningar kring dette ved kvart års årsrekneskap, og dette er noko både kommuneforvaltninga og innbyggjaren er opptekne av. Det er såleis særleg viktig å ha etterkontroll på desse områda i samband med kvart års årsrekneskap, og ikkje berre ved kvart års budsjettarbeid når prisane skal fastsettast. Det er krav om årleg etterkalkulasjon på 'korleis gjekk det', der mogleg overskott i høve sjølvkost, skal avsettast til særskilde fond, som kun kan nyttast til driftsføremål eller inngå i prisinga til forbrukaren. Det er lagt opp rutiner kring dette i forvaltninga, der ein også set søkjelyset på fondsavsetningar og bruken av desse. Det vil alltid kunne vere aktuelt å sjå på dette ut frå ein innfallvinkel med økonomisk styring, men også ut frå eit perspektiv som har med måloppnåing å gjere; om ein følgjer regelverket, osv. - jfr. det som er nemnt nedanfor.

Kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid kring renovasjon (Sunnfjord Miljøverk IKS). Det vil kunne ligge til rette for ei evaluering av dette, og gjerne med fokus på ein '*kost-/nytte-vurdering*', og om lov, forskrift og veileder, for berekningsgrunnlaget for avgiftene for VAR-området, vert etterlevd. Det vart gjennomført eigarskapskontroll på dette samarbeidet i 2007 og etter vår oppfatning har alle deltakande kommunar ein god dialog på dette med selskapet inn i 2012. Det kan her nemnast at administrasjonen og revisjonen har stort fokus og ein god dialog på dette ved kvart års årsoppgjer. Det kan likevel vere grunn til å sjå nærmare på dette og om det som kan takast inn på sjølvkostområdet, faktisk er med i berekningsgrunnlaget for kommunale avgifter på sjølvkostområda.

Innkjøpsordninga til kommunen kan vere eit område å sjå nærmare på. Lovverket og regelverket kring offentlege anskaffelsar; særleg på anleggssida. Det kan vere aktuelt å sjå nærmare på rutinane og om kommunen sine eigne reglement vert følgde på dette felt; og om interne reglement er ajourført eller samsvarar med sentralt innkjøpsregelverk (tilpassa EU-direktiv, m.v.).

Lønssområdet er eit stort og vesentleg område å ha kontroll på. Her vil den tilsette (lønsmot-takar) vere ein kontrollinstans i seg sjølv, men det kan vere aktuelt å sjå på stillingsheimlar, antal personar på timelister, bruk av eigenmeldingar, tilvising av variabel løn; om hovedavtale og tariffavtaler blir riktig brukt i tilvising av variabel løn. Innafor dette området kan det også vere aktuelt å sjå på sjukepengerefusjonar, om rutinane fungerer, og eventuelt ha ein gjennomgang på dei støtteprogram som vert nytta innafor lønssområdet (gjennomgang av rutiner, kvalitetssikring av rutiner i turnusprogram.

Forvaltninga av kommunale eigendelar og låneportefølgje (finansforvaltninga) kan også vere eit området å sjå nærmare på. Vert kommunen sitt eige reglement følgt på dette felt, og er den praksis som er etablert, hensiktsmessig og nyttig for Askvoll kommune? Både reglementet og rutinane kring kommunen si finansforvaltning har tidlegare vore underlagt særskild kvalitetskontroll frå kommunerevisjonen før reglement og rutiner har vore førelagt politiske styrings-organ til avgjerd.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon knytta til økonomisk styring.

4.4 Måloppnåing

Kommunen må syte for å ha ei tilstrekkeleg sakshandsaming overfor brukarane og ha ei god oppfølging av eksterne/ interne mål. Nokre av punkta nedanfor er også omtala under '*økonomistyring*' og '*oppfølging av vedtak*' ovanfor; - men med eit litt *anna fokus*.

Kommunen har eit relativt avansert sakshandsamarsystem, der all inngåande post som kjem til *kommunehuset*, vert registrert av fellessekretariat. Etter at inngåande post er registrert på saker, fordeler ein sakene på 'sakshandsamar' i systemet/programvaren. Unnatak her er sosialkontoret/NAV-kontoret (med eige system og eigne regelsett) og skatterekneskapen. I praksis vert inngåande/ arkivverdig post framført gjennom ei eigen rutine. Kommunen starta med *scanning* av inngåande post frå år 2006 og har nokre års erfaring med dette. Kvar saks-handsamar må gå inn i 'systemet' og lese, og svare på sakene i sakshandsamarsystemet. Det er ikkje etablert faste tilbakemeldingsrutiner til brukaren om at sak er motteke, og kva tid den vil kunne vere ferdighandsama, eller kva tid endeleg svar vil kunne ligge føre. Forvalt-ningslova sine reglar om responstid/svartid skal takast høgtideleg. Dette gjeld også saker som er påklaga. Det kan vere aktuelt å sjå på rutinane knytta til sakshandsaming, responstida på svar, osv., med måloppnåing som fokus.

Når det gjeld innkjøpsområdet og fakturaflyten, så tok kommunen i bruk elektronisk tilvisingsordning frå våren 2012. Dette inneber at kommunen scanner alle inngåande fakturaer og at det er etablert ein programvare som sikrar korrekt attestasjon, tilvising og remittering gjennom elektronisk sakshandsaming (signaturer) i systemet fram til faktura er betalt og ute av reskontrosystemet. Dette har utvilsomt bidrege til ei meir effektiv forvaltning på dette om-rådet samstundes som administrasjonen sjølv har kontroll på uteståande, manglande respons på tilvising, osv.

Lov om offentlege anskaffelsar med tilhøyrande forskrifter er sentralt for kommunen. Dette fordi konsekvensane ved å ikkje følgje regelverket kan vere store økonomisk og rettslege; i alle fall i investeringsprosjekt og større saker. Det kan såleis vere aktuelt å sjå nærmare på dei

innkjøpsavtaler som kommune er med på, og eventuelt prioritere ei undersøking av innkjøps-samarbeidet(/-a) som kommunen er deltakar i.

For ein del av dei tenestene som kommunen yter, er det lovfesta at sjølvkost er ei øvre grense for gebyrfastsetting. Dette gjeld tenester som vatn og avløp, renovasjon, feiing, plan- og byggesakshanssaming og kart- og delingsforretningar. Det har i seinare tid vore stor fokus i media på kommunane si fastsetting av gebyr på desse tenestene. Det er viktig at det ligg føre dokumentasjon på etterkalkulasjon, og at dette er presentert i ei form som er folkeleg forklara og lett leseleg. Dette er også teke med som mogleg fokusområde når det gjeld økonomisk styring; jfr. det som er nemnt ovanfor (sjå pkt. 4.3, side 16-18).

Kommunen handterer mange einskildsaker og einskildvedtak gjennom året, og totalt sett har *kommunen* eit mangfald av lover, forskrifter og veiledningar å forholde seg til på dei ulike forvaltningsområda (tenestekområda). Generelt er kommunane i Sogn og Fjordane for dårlege til å følge formalkrava i forvaltningslova når det gjeld denne type sakshandsaming, jfr. rapportar frå Fylkesmannen (som er å finne www.fylkesmannen.no (Sogn og Fjordane, på kommune). Kommunen avgjer mange saker som er viktige for den einskilde innbyggjar/brukar, som t.d. skal få informasjon om adgangen til å klage på eit vedtak. På einskilde områder er Fylkesmannen også tilsynsorgan på dei faglege sidene (f.eks. barnevern, sosial), og Fylkesmannen er også klageinstans på særlovgevinga.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon som undersøker om sentralt/ lokalt regelverk blir følgd, og i kva grad resultatmåla som er sett, blir nådd.

5. Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

5.1 Kort om planen

Analysa legg opp til ei utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på risiko. Eit prosjekt blir sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. Ved ei konkret utvelging av prosjekt, må nytteverdien vurderast i høve til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforming av eit prosjekt må kontrollutvalet avgrense omfanget av det som skal sjåast nærmare på. I motsatt fall vil revisjonen (eller den som skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet) stille krav om at ein har adgang til å avgrense temaet. Eit prosjekt skal konkretiserast for å gje kontrollutvalet naudsynnte opplysningar for deira kontroll- og tilsynsfunksjon. Antal prosjekt i løpet av eitt år vert naturleg avgrensa i høve ressurstilgang.

Framlegga til tema og område for forvaltningsrevisjonsprosjekt byggjer på overordna analyse. Lista er ikkje prioritert i nummerrekkefølge frå revisjonen si side. Vi meiner lista med aktuelle område og tema for forvaltningsrevisjon kan tene som eit innspel med idèar til den konkrete planen som skal presenterast i kontrollutvalet og Askvoll kommunestyre.

Det er vår vurdering av dei prosjekt/tema som skal inngå i ei prioriteringsliste om forvaltningsrevisjonsprosjekt, må vere grundige gjennomgangar med *fokus* på *kvalitetsheving*, *forenkling*, *betring av rutinar*, *produktivitet/effektivitet*, og *meir rasjonell bruk av ressursar*.

Dei dokument som følgjer denne *overordna analyse* vil kunne vere eit godt utgangspunkt for ein prioriteringsdebatt i både kontrollutvalet og i Askvoll kommunestyre. Vi viser i denne samanheng også til Askvoll kommune sine budsjett- og handlingsprogram, økonomiplan, og dei siste års årsrekneskap og årsmeldingar, samt revisjonen og kontrollutvalet sine beretningar og årsmeldingar.

Vi viser til dei dokumenta som følgjer som prenta vedlegg til denne 'overordna analyse' for Askvoll kommune.

5.1.1 Selskapskontroll:

Avslutningsvis vil vi peike på at denne analysa ikkje tek opp i seg vurderingar om kommunen skal gjennomføre *selskapskontroll* eller *eigarskapskontroll*. Utarbeiding av overordna analyse/forvaltningsrevisjon er eit forholdsvis nytt fagområde for kommunen sine tilsyns-organ, og som vart innført i 2005. Kommunane sine kontrollutval er kjende med den samordning som er søkt etablert i høve 'fellestiltak' (felles selskapskontroll for aktuelle eigar/deltakar-kommunar).

Det er vår oppfatning at når ein skal vurdere selskapskontroll, bør ein vurdere ei gjennomføring av dette i samarbeid med nærliggande kommunar som har eigarinteresser i same selskap (interkommunale samarbeid, IKS, energiverk, AS, osv. – som kommunen har eigarinteresse i, eller er medeigar/deleigar/deltakar i), slik at dette kan bidra til ei kostnadseffektiv gjennomføring av slike kontrollar der dette er aktuelt og ønskjeleg frå kommunen si side.

Askvoll kommune har ikkje vedteke og har heller ikkje utarbeidd nokon eigarskapsmelding eller eit eige eigarstrategidokument for kommunen sine eigarskap eller selskap/verksemdar som Askvoll er medeigar eller deltakar i. Vi er ikkje kjend med om det ligg føre konkrete planar om å få utarbeidd eit slik dokument, men vi er kjende med at kontrollutvalet har peika på dette tidlegare i samband med handsaming av ein rapport kring eigarskapskontroll.

Kommunen skal vedta ein eigen *plan for selskapskontroll*; - parallelt med den ordinære planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Begge skal handsamast gjennom kontrollutvalet, med endeleg vedtak i Askvoll kommunestyre.

Under pkt. 5.2b vedlagt denne rapport, har vi lista opp dei eigarinteresser som Askvoll kommune har. Lista er ikkje uttømmende, men er delvis innhenta frå administrasjonen og frå Askvoll kommune si oversikt ('Note') i årsrekneskap/årsmelding for Askvoll kommune for 2011.

Sluttord:

Utarbeidinga av overordna analyse har vore eit omfattande arbeid som byggjer på ei rekke dokument som er styrande for kommuneforvaltinga, samstundes som ein også har søkt å ta omsyn til erfaringsbasen som tilsynsorgana i kommunen innehar, og som er bygt opp over fleire år. Ved rulleringa av analysedokumentet no i 2012, har ein bygt vidare på det materialet som låg til grunn for analysedokumentet i 2008, samstundes som ein har teke omsyn til oppdatert talmateriale, nøkkeltal, årsrapportar, perioderapportar, gjennomførte revisjonar og forvaltningsrevisjonar, samt endringar i organisasjon og leing i kommunen.

Det er vår vurdering at det som ligg føre i dette dokument skal kunne vere tilstrekkeleg som eit bakgrunnsmateriale som kan nyttast som grunnlag for prioriteringar i utarbeidinga av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar og kva eventuelle selskap som skal underleggast tilsyn og kontroll frå dei kommunale tilsynsorgana si side framover.

Førde den 27. november 2012

for KRYSS-Revisjon

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjefssjef

5.2.a. Oversikt over mogleg innhald i plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Askvoll kommune

Nr.	Prosjekt	Tema/forhaling	Målsetting	Risiko/bemerkning
	Kontroll av lønsområdet i kommunen "All over" eller sektorvis (teneste-område-vis)	Vert det utbetalt riktig løn, til riktig tid, for rett periode ? - vert hovedavtalen og tariffavtalen følgde ? - reiserelgningar, dokumentasjonskrav - etc.	Bidra til å fastslå om kommunen følger gjeldande regelverk på området Konstatere at kommunen betaler ut den løn som skal vere, og at den tilsette får den løn arbeidsavtale og tariffavtale krev	Effektivitet/ Produktivitet Økonomistyring
	KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring	Analyse av KOSTRA-data for å finne betydningsfulle avvik. Kva slags avvik inneheld verdifull informasjon og kva for avvik har bakgrunn i systematiske feil? Ei slik analyse kan medføre at åpenbare flaskehalsar/ overkapasitet blir identifisert. Dette er naudsynt informasjon for at kommunen skal kunne justere ressursbruk i høve til kva slags arbeidsoppgåver som skal løysast.	Bidra til meir bruk av KOSTRA- data både i administrasjonen og på politisk nivå. Bidra til å kartlegge korleis ressursar brukast for å løyse oppgåver.	Produktivitet/ økonomistyring
	Sjølvkostbereknningar VAR-sektoren	Gjennomgang av kommunen sine sjølvkostbereknningar for å sikre at prisinga i budsjett er korrekt og at gebyr som vert fakturert brukarane er korrekte. Vert etterkalkulasjon gjennomført og dokumentert i samsvar med Lov, Forkrift og Veileder ?	Bidra til at brukarane betalar ein korrekt pris for tenestene. Kvalitetssikring av egne bereknningar for administrasjonen. Synleggjering av evt. subsidiering av tenestene.	Produktivitet
	Sakshandsaminga, Vedtak, svargjeving	Etterlevelseskontroll av forvaltningslova og offentleglova sine bestemmelsar	Kvalitetsheving og læringsverdig for forvaltningsapparatet i kommunen	Effektivitet og Produktivitet

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43. 2. etg. 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@krysrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølsfjer, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Halsstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@krysrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@krysrevisjon.no

	Kontroll av løns- området Bruk av timelister	Vurdere stillingsheimlar, mot bruk av midlertid tilsette og personar på variable timelister Vert lover og forskrifter følgde ? Vert det utbetalt løn i samsvar med tariffavtaler ?	Bidra til å synleggjere at bemanningsplaner vert følgde Bidra til å synleggjere at tariffavtaler vert følgde Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekne av politikarane (Kom.styret)	Produktivitet Økonomistyring At politiske vedtak vert følgde
	Evaluering av NN samarbeid	Evaluere eit samarbeid som er vedteke og har funget ei tid. Kva av målsettingane som låg til grunn, er innfridde ? - Deltakinga i SUM ? - FØYS ? - SiS ? - KRYSS Revisjon ? - SEKOM-Sekretariat ? - Reismål Sunnfjord ? - SYS IKL IKS - SYS IKT - Andre ?	Samarbeid mellom kommunar har vore eit svært aktuelt tema den siste tida. Evaluering av eit samarbeid kan gje kommunen viktige erfaringar.	Måloppnåing / Produktivitet
	Tidsriktig rapportering til politisk nivå ?	Er rapporteringa til politisk nivå tilstrekkeleg knytta opp mot konkrete mål ? Kva krav set politikaren ? Er politikaren si forventning klart uttrykt overfor administrasjonen ?	Bidra til klarare politisk kravsspesifika- sjon og tydeliggjering av ansvar for rapportering i einskildsaker. Bidra til at politikaren set klarare krav til administrasjonen Kan bidra til ein ryddigare diskusjon mellom politisk og administrativt nivå.	Måloppnåing
	Budsjettprosess/ for- deling av ressursar	Vurdere dei budsjettprossar og styringsverktøy som blir bruk for fordeling av midlar i kommunen.	Bidra til at kommune har ein budsjettprosess som gjev	Økonomistyring

	Vurdere om det finst andre måtar å fordele budsjettmidlane på.	administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy.	
"Korrekt handsaming av din sak?"	Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestem- melsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid, sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einskilde innbyggjar.	Måloppnåing
Oppfølging av vedtak i Jølster kommune	Kontrollere oppfølging av vedtak. Fokuserer på korleis systemer, ansvarsdeling og andre etablerte kontrolltiltak bidreg til tidsriktig og korrekt iverksetting av vedtak.	Bidra til at administrasjonen får på plass rutiner som sikrar ei korrekt oppfølging av vedtak til rett tid.	Oppfølging av vedtak.
KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring ? (Jfr. eige strekpunkt ovanfor)	Analyse av KOSTRA-data for å finne vesentlege avvik. Kva avvik inneheld verdifull informasjon og kva har sin bakgrunn i systematiske feil ?	Bidra til meir bruk av KOSTRA både i administrasjonen og på politisk nivå. Synleggjere nytten av KOSTRA-data til politisk styring og bidra med råd til korleis politikaren kan analysere tala. Bidra til å kartlegge korleis ressursar blir brukt for å løyse oppgåver. Kva er årsaka til høge/låge utgifter ? - Medveten politisk prioritering ? - Feilføringar ? - Kostnadskrevjande drift ?	Måloppnåing/ Produktivitet/ Økonomistyring
Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning	Er det dei ulike reglement i samsvar med dagens regelverk og organisasjonsstruktur ? - Økonomireglement ? - Finansforvaltningsreglement ? - Byggjerekneskap/Prosjektrekneskap ? - Delegasjonsreglement ? - Tilsettings-/arbeidsreglement ?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil drift Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekne av politikarane (Kom.styret)	Måloppnåing Produktivitet Effektivitet

		- Personalreglement ? - Søknadshandsamingar ? Vert vedtekne reglement følgde ? Korleis har utviklinga i sjukefråværet vore dei siste åra ? Kva åpenbare forhold forklarar utviklinga ? Variere sjukefråværet vesentleg internt i kommunen, og kva er eventuelt grunnen til dette ? Korleis skjer pengestraumane inn/ut av kommunen ? Kva rutiner er etablert i eigenbetalinga - for barnehagebetaling - for heimhjelpsbetalinga - for pensjonærbetalinga - for kommunale avgifter - for eigedomsskattar - for tekniske avgifter, gebyr, m.v. - for oppgjer av tomtsalg, skjøte, m.v. - innkjøp og slag av mat til eldre og uføre Kva rutiner er etablert i fakturaflyten (innkjøp) ? - rekvisisjon av varer og tenester - (offentlege anskaffelsar, regelverket følgd) - fullmakter - kven har myndigheit til kva - attestasjonsfullmakter/tilvisingsfullmakter - (fakturaflyten frå mottak til utkvittering i reskontrosystemet) - (signaturprøver, ajourhold)	Bidra til å kartlegge kva faktorar som påverkar nivået på sjukefråværet. Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet.	Måloppnåing Produktivitet Økonomistyring Intern kvalitetssikring Hindre mislegheiter og irregulære forhold Klargjering av ansvarforhold og myndigheit på ulike nivå i organisasjonen
Sjukefråværet – årsak og samanhengar				
Økonomistyring				

		Økonomireglement / Delegasjonsreglement Vert desse reglementa følgde ? Finansforvaltningen i kommunen Vert reglementet følgt i praksis ? Arbeidsinstruksar / Stillingsinstrukrar – fins det ? Arbeidsdeling, beskriving/dokumentasjon av ansvardeling, m.v. – Finst dette dokumentert ? Momskompensasjonsordninga Bokfører kommunen dette korrekt, får kommunen refundert den meirverdiavgifta den skal ha VAR-sektoren: Føretekk kommunen den etter- kalkulasjon som skal gjerast – avsetning 'overskot' Særleg ressurskrevjande brukarar – Rapporterer kommunen korrekte økonomi- og tenestedata på dette området, slik at kommunen får dei tilskots- midlar som kommunen rettmessig har krav på – taper kommunen eventuelt pengar her ? PU-klientar – inntektssystemet – einskildvedtak ➤ korrekt rapportering = korrekte inntekter Rapportering av ferdigstilte byggjerekneskap - Skjer rapporteringa i samsvar med kommunen sitt Økonomireglement - Er oppfølginga av framdrifta i byggjeprojekt i samsvar med dei rutiner som skal vere	
--	--	--	--

		- Byggjenemnda - avviksrapportering og søknader om tilleggsløyvingar osv.		
Vurder bemanninga og ressursbruket på ulike tenesteområder.	- Kva stillingsheimlar som er vedtekne (bemanningsplanar), og i kva grad desse vert følgde. - bruk av variablar, personar på timelister - vakansar - permisjonar - bruk av ekstraljelp - budsjett vs rekneskap – avviksrapportering - Vurdere 'kost-nytte' på IT- og IKT-satsingsområdet.	Bidra til optimalisering av personal-ressursane. Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing	
Vurdere IT-/IKT-samarbeid		Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen og IT-investeringane	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing	
Sjuefråværet - bruk av eigenmeldingar - fråværsregistreringar - personar på timelister (jfr. eige strekpunkt vedr. årsak og samanhengar i sjuefråværet)	Vert regelverket kring bruk av eigenmeldingar følgd ? Vert fråværet registrert og riktig rapportert. Inntak av midlertid tilsette ? Omfang av slik bruk – antal personar på timelister i forhold til stillingsheimlar ? Rutinar for sjukepengerefusjonar ?	Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing	
Sikring og bruk av kunst (har Askvoll slik ?)	Har kommunen verdifull kunst/utsmykning i offentlege bygg, aller andre stader, etc. Kartlegging av om all kunst er registrert og sikra/forsikra på ein god måte.	Bidra til å sikre at kommunen sine kunstverdiar er sikra på ein betryggjande måte. Bidra til at kunst er plassert slik at	Måloppnåing	

		Vurdering av korleis kunsten er utplassert/ lagra for å vurdere i kva grad allmennheten har glede av kunsten.	allmennheten har mest mogleg nytte/ glede av kunsten.	
Sunnfjord Miljøverk IKS		Det er etablert eit eige interkommunalt renovasjonsselskap for å handtere lovpålagt kommunal avfallshandtering. Prosjektet vil ta opp sentrale problemstillingar mellom kommunane og selskapet. Dette vil kunne vere eit fellesprosjekt for alle kommunane som eig selskapet.	Bidra til ei klarare oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommunane og selskapet.	Måloppnåing
Organisering av legeordninga SYS IKL IKS – samarbeidet		Er det samanheng mellom organiseringa av legeordninga og stabiliteten i legedekninga ? - Avtaler, leigeavtaler, m.v. - utleige av lægesekretærer - <i>subsidiert</i> frå kommunen si side ?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil og effektiv legedekning.	Måloppnåing
Innkjøpsavtaler og innkjøpssamarbeid som Askvoll kommune er delaktig i		Prosjektet er sett i gong og vil omfatte alle kommunane som er deltakarar i samarbeidet. Det må vurderast om rammeavtalene er inngått i samsvar med lova. Det vil bli kontrollert om kommunane kjøper inn utanom rammeavtalene.	Bidra til at kommunen sine innkjøp skjer i samsvar med lova, slik at dei unngår å bli erstatningspliktige. Prosjektet vil medvirke til at kommunen kjøper inn på ein formålstenleg måte	Måloppnåing
Organisering av tenestene		Er det samanheng mellom korleis ei teneste er organisert, effektiviteten/produktiviteten i dette - vurdere om 'samansette forvaltningsmråder' i ulike einingar fungerer på tilfredsstillande vis	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei rasjonell, effektiv og produktiv drift	Måloppnåing

Opptak av barn i barnehage	Er det ei rasjonell og effektiv sakshandsaming/prosedyrar på utlysing av barnehageplassar, søknads-handsaming, tildeling av plass, opphør av plass, sakshandsaming ved opptak i barnehageåret, meldingsrutiner til økonomi, oppfølging, innkreving, osv.	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei rasjonell, effektiv saks-handsaming, og om samhandlinga mellom barnehage/SFO og kommune-kassa fungerer på tilfredsstillande vis. = korrekt utfakturering og tidsriktige pengestraumar inn i kommunekassa (barnehagebetalinga, osv.)	Måloppnåing Økonomistyring Produktivitet Oppfølging av vedtak
Søknad om plass i institusjon	Kva rutiner som gjeld for søknad om opphald i institusjon (dagtilbod/langtidstilbod). Meldingsrutinar, betaling for opphald, fastsetting av vederlag, innkreving, oppfølging, m.v.	Bidra til å kartlegge alle prosessar som skal vere på plass for ei rasjonell og effektiv sakshandsaming, samstundes som ein får verifisert om samhandlinga i meldingane bidreg til ei effektiv innkreving med rettidige innbetalingar	Måloppnåing Økonomistyring Produktivitet Oppfølging av vedtak

5.2.b Oversikt over verksemder/selskap som Askvoll kommune er deltakar/medeigar i

Firda Billag AS	
Sogn og Fjordane Energiverk A/S	
Sunnfjord Miljøverk IKS	
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	
Stiftinga Jensbua	
Vestkysten Reiseliv AS	
Hauglandssenteret AS	
Bulandet Eigedom AS	
Firda Produkter	
Visit Fjordkysten	
Lutelandet utvikling	
Stongfjorden eigedomsselskap	
Sogn og Fjordane Bustadbyggjelag	
Biblioteksentralen	
Norsk Sjøfuglsenter	
Eigenkapitalinnskott i Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord; 'KRYSS-Revision' (§ 27-samarbeid)	
Sekretariatet for kontrollutvala i kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord, 'SEKOM-Sekretariat' (§ 27-samarbeid)	
Felles økonomisystem for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord (FØYS-samarbeid)	
SYS IKT – interkommunalt samarbeid kring informasjons- og kommunikasjonsteknologi (§ 27-samarbeid)	
SYS IKL IKS – interkommunalt legevaktssamarbeid (Lov om interkommunale selskap)	
Samarbeid mellom kommunane i Sunnfjord (SIS-samarbeid)	
Samarbeid mellom kommunane i HAFS-regionen (HAFS-samarbeid)	
Samhandlingsreformen, ulike avtale om samarbeid	

Fra: Førde Terje
Sendt: 27. november 2012 15:15
Til: Tveit Asgeir; Øvrebø Vidar
Kopi: Festervoll Svein; Melvær Frida; Trine Vokuhl
Emne: Overordna analyse Askvoll
Vedlegg: Overordna analyse Askvoll d 271112.pdf; Oversendingsbrev 271112
Overordna analyse Askvoll.pdf; Vedlegg overordna analyse Askvoll 2012.pdf

Hei.

Til Kontrollutvalet i Askvoll kommune:

Vi sender med dette over endeleg versjon av utarbeidd Overordna analyse for Askvoll kommune m/vedlegg. Analysedokumentet har vi hatt ute til høyring hos Rådmannen. Vedlagt er den endelege versjon vi har utarbeidd.

Vi sender med eit eige oversendingsbrev og dei vedlegg som vi har sett nødvendige ha med. Vi viser til opplistinga i innhaldsoversikta i analysedokumentet.

Det har vore eit omfattande arbeide der vi heile vegen har søkt å halde fokuset på eit overordna nivå, slik forskriftene legg opp til. Det kan vere ein vanskeleg øvelse og balansegang å halde eit overordna fokus, når ein går inn i forvaltninga på område-, teneste- og funksjonsnivå. Det er ingen fasit på korleis dette skal sjå ut eller gjerast, men vi har bygt vidare på den 'lesten' vi har laga til tidlegare og som ein har vore nøgde med før og som ein har fått tilbakemelding på frå rådmannen si side no.

Dersom det er ønskjeleg vil vi kunne vere til stades i Kontrollutvalet og/eller i Kommunestyret når denne saka skal til handsaming, og eventuelt gje nærmare informasjon/opplysningar om vårt arbeid. I tilfelle bør vi orienterast om det i god tid.

Vi håper analysedokumentet er tilstrekkeleg for det vidare arbeidet i kontrollutvalet og kommunestyret.

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde


Dagleg leiar/Revisjonssjef


Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrvision.no



Politisk organisering i Askvoll kommune






ADMINISTRATIVT ORGANISASJONSKART
ASKVOLL KOMMUNE PR. NOV. 2012

Økonomisk oversikt 2011 ASKVOLL kommune

Brukarbetaling	8260811
Salgs/leigeinntekter	19608712
Overføringer	25968637
Rammetilskot	103135174
Andre statlege overføringer	4696315
Andre overføringer	1078098
Skatteinntekter	50601372
Eigedomsskatt	0
Div andre inntekter	192928
Renteinntekter	2160475
Salg driftsmidlar/fast eigedom	1675206


INNTEKTER ASKVOLL kommune 2011



Økonomisk oversikt 2011 Askvoll kommune

Lønsutgifter	146425374
Innkjøp komm tenesteprod	30323462
Innkjøp erst komm tenestepro	15431895
Overføringer	17565368
Renter og avdrag	12354610
Interne fordelinger	2444699
Investeringar	17460403

UTGIFTER 2011 Askvoll kommune



Økonomisk oversikt drift 2011

Kosthd	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
LN03	Brukarbetalingar	-8 260 811	-8 263 000	-7 825 798
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	-19 608 712	-17 527 860	-17 545 505
LN05	Overføringer med krav til motytingar	-25 968 637	-17 746 691	-36 607 479
LN06	Rammetilskot frå staten	-103 135 174	-101 346 000	-87 496 083
LN07	Andre statlege overføringer	-4 696 315	-5 104 000	-4 000 891
LN08	Andre overføringer	-1 078 098	-340 000	-567 622
LN09	Skatt på inntekt og formue	-50 601 372	-51 750 000	-55 077 284
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	-192 928	-200 000	-185 540
LN12	B. SUM DRIFTSINNTEKTER	-213 542 046	-202 277 551	-209 306 202
LN14	Lønsutgifter	120 615 607	118 511 699	116 220 672
LN15	Sosiale utgifter	25 809 767	25 442 342	25 747 329
LN16	Kjøp som inngår i kommunal prod.	30 323 462	26 816 038	28 483 603
LN17	Kjøp som erstattar kommunal prod.	15 431 895	11 169 365	15 017 160
LN18	Overføringer	17 565 368	16 007 545	12 005 035
LN19	Avskrivningar	8 333 979	8 100 000	7 980 330
LN20	Fordelte utgifter	-2 444 699	-1 685 638	-2 442 723
LN21	C. SUM DRIFTSUTGIFTER	215 635 380	204 361 351	203 011 406
LN23	D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	2 093 333	2 083 800	-6 294 796
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-2 160 475	-2 200 000	-2 237 083
LN26	Mottekne avdrag på lån	-34 100	-50 000	-68 921
LN27	E. SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-2 194 575	-2 250 000	-2 306 004
LN29	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	5 796 919	6 200 000	5 215 066
LN30	Avdragsutgifter	6 557 691	5 938 000	6 124 383
LN31	Utlån	130 286	100 000	66 615
LN32	F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	12 484 896	12 238 000	11 406 064
LN34	G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	10 290 321	9 988 000	9 100 060
LN35	Motpost avskrivningar	-8 333 979	-8 100 000	-7 980 330
LN36	I. NETTO DRIFTSRESULTAT	4 049 676	3 971 800	-5 175 066
LN38	Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr.	-4 604 930	-4 604 930	
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-1 834 663	-2 642 000	-1 933 621
LN40	Bruk av bundne fond	-6 741 486	-6 112 000	-2 314 679
LN42	J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-13 181 079	-13 358 930	-4 248 300
LN44	Overført til investeringsrekneskapen	940 803	1 461 000	1 722 280
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	4 604 930	4 736 130	
LN47	Avsetningar til bundne fond	3 585 670	3 190 000	3 096 155
LN49	K. SUM AVSETNINGAR	9 131 404	9 387 130	4 818 435
LN51	L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	0	0	-4 604 930

Økonomisk oversikt investering - 2011

Kosthinr	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	-1 675 206	0	-271 724
LN04	Andre salsinntekter			-500
LN07	Andre overføringer	-75 300	0	-552 150
LN08	Renteinntekter og utbytte	-16 038	0	-14 136
LN09	L. SUM INNTEKTER	-1 766 544	0	-838 510
LN11	Lønsutgifter	63 594	0	20 548
LN12	Sosiale utgifter	11 199	0	3 533
LN13	Kjøp som inngår i kommunal prod.	15 325 360	18 626 000	27 245 130
LN14	Kjøp som erstatter kommunal prod.	52 996	0	833 354
LN15	Overføringer	2 007 254	0	4 927 501
LN18	M. SUM UTGIFTER	17 460 403	18 626 000	33 030 066
LN20	Avdragsutgifter	726 912	0	1 602 579
LN21	Utlån	991 000	1 000 000	1 187 022
LN22	Kjøp av aksjer og andeler	478 005	424 000	408 122
LN23	Dekking av tidl. års udekka	5 088 968	4 798 193	1 558 495
LN24	Avsetn. til ubundne inv.fond	1 503 743	0	46 899
LN25	Avsetn. til bundne fond	80 600	0	14 136
LN27	N. SUM FINANS.TRANS.	8 869 229	6 222 193	4 817 253
LN28	O. FINANS.BEHOV (M+N-L)	24 563 087	24 848 193	37 008 809
LN30	Bruk av lån	-20 715 944	-22 106 945	-24 609 515
LN31	Mottekne avdrag på utlån	-1 285 196	0	-1 171 303
LN34	Overføringer fra driftsrekn.	-940 803	-1 461 000	-1 722 280
LN36	Bruk av ubundne inv.fond	-1 503 743	-1 212 248	-4 410 202
LN37	Bruk av bundne fond	-117 400	-118 000	-6 543
LN39	R. SUM FINANSIERING	-24 563 087	-24 898 193	-31 919 843
LN40	S. UDEKKA/UDISP. (O-R)	0	0	5 088 966

Balanserekneskap 2011

Kostbal	Tekst	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
LN01	A. Anleggsmidler	489 728 145,00	492 051 241,00
LN02	 Faste eiendomar og anlegg	230 208 834,00	223 775 580,00
LN03	 Utstyr, maskiner og transportmidlar	6 563 612,00	4 333 821,00
LN04	 Utlån	11 438 921,00	11 636 431,00
LN05	 Aksjar og andelar	26 550 514,00	25 703 511,00
LN051	 Pensjonsmidlar	214 966 264,00	226 601 898,00
LN06	B. Omløpsmidlar	55 336 130,00	50 496 630,00
LN07	 Kortsiktige fordringar	22 304 429,00	16 247 784,00
LN071	 Premieavvik	10 036 138,00	8 060 605,00
LN11	 Kasse, postgiro, bankinnskot	22 995 563,00	26 188 240,00
LN12	SUM EIGEDLER (A + B)	545 064 274,00	542 547 871,00
LN13	C. Egenkapital	-40 262 725,00	-79 714 985,00
LN14	 Disposisjonsfond	-3 147 488,00	-377 221,00
LN15	 Bundne driftsfond	-8 397 143,00	-11 552 959,00
LN17	 Bundne investeringsfond	-1 602 895,00	-1 632 102,00
LN171	 Endring i regnskapsprinsipp som påvir. AK dri	-1 496 336,00	-1 496 336,00
LN18	 Rekneskapsmessig mindreforbruk		-4 604 930,00
LN192	 Udekka i investeringsrekneskap		5 088 968,00
LN21	 Kapitalkonto	-25 618 863,00	-65 140 405,00
LN219	D. Gjeld	-504 801 550,00	-462 832 886,00
LN22	Langsiktig gjeld	-470 945 351,00	-432 995 033,00
LN221	 Pensjonsforpliktingar	-277 885 597,00	-254 159 544,00
LN25	 Andre lån	-193 059 754,00	-178 835 489,00
LN26	Kortsiktig gjeld	-33 856 199,00	-29 837 853,00
LN28	 Anna kortsiktig gjeld	-30 933 777,00	-27 672 934,00
LN281	 Premieavvik	-2 922 422,00	-2 164 919,00
LN29	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C + D)	-545 064 274,00	-542 547 871,00
LN30	E. Memoriakonto	0,00	0,00
LN31	 Ubrukte lånemidlar	6 150 244,00	5 398 344,00
LN33	 Motkonto for memoriakontiane	-6 150 244,00	-5 398 344,00

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen 2011

Kosts1a	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
LN01	Skatt på inntekt og formue	-50 601 372	-51 750 000	-55 077 284
LN02	Ordinært rammetilskot	-103 135 174	-101 346 000	-87 496 083
LN04	Andre direkte eller indirekte skattar	-192 928	-200 000	-185 540
LN05	Andre generelle statstilskot	-4 696 315	-5 104 000	-4 000 891
LN06	Sum frie disponible inntekter	-158 625 789	-158 400 000	-146 759 798
LN07	Renteinntekter og utbytte	-2 160 475	-2 200 000	-2 237 083
LN08	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	5 796 919	6 200 000	5 215 066
LN09	Avdrag på lån	6 557 691	5 938 000	6 124 383
LN10	Netto finansinntekter/-utgifter	10 194 135	9 938 000	9 102 366
LN12	Til ubundne avsetningar	4 604 930	4 736 130	0
LN13	Til bundne avsetningar	3 585 670	3 190 000	3 096 155
LN14	Bruk av tidl. å. rekn.m. mindreforbr	-4 604 930	-4 604 930	0
LN15	Bruk av ubundne avsetningar	-1 834 663	-2 642 000	-1 933 621
LN16	Bruk av bundne avsetningar	-6 741 486	-6 112 000	-2 314 679
LN17	Netto avsetningar	-4 990 479	-5 432 800	-1 152 145
LN18	Overført til investeringsbudsjettet	940 803	1 461 000	1 722 280
LN19	Til fordeling drift	-152 481 329	-152 433 800	-137 087 297
LN20	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	152 481 329	152 433 800	132 482 366
LN21	Rekneskapsmessig meir-/mindreforbr	0	0	-4 604 930

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen 2011

Kosts2a	Tekst	Rekneskap 2011	Rev.budsj. 2011	Rekneskap 2010
LN01	Investeringar i anleggsmidler	17 938 408	19 100 000	33 438 188
LN02	Utlån og forskotteringer	991 000	1 000 000	1 187 022
LN03	Avdrag på lån	726 912	0	1 602 579
LN04	Avsetningar	6 673 312	4 798 193	1 619 530
LN05	Årets finansieringsbehov	26 329 631	24 898 193	37 847 319
LN07	Bruk av lånemidler	-20 715 944	-22 106 945	-24 609 515
LN08	Inntekter frå sal av anleggsmidler	-1 675 206	0	-271 724
LN09	Tilskot til investeringar	-75 300	0	-552 150
LN10	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-1 285 196	0	-1 171 303
LN11	Andre inntekter	-16 038	0	-14 636
LN12	Sum ekstern finansiering	-23 767 684	-22 106 945	-26 619 328
LN13	Overført frå driftsbudsjettet	-940 803	-1 461 000	-1 722 280
LN14	Bruk av avsetningar	-1 621 143	-1 330 248	-4 416 745
LN15	Sum finansiering	-26 329 631	-24 898 193	-32 758 353
LN16	Udekket/udisponert	0	0	5 088 966

Note 3 Kommunens garantiansvar (FKR § 5 nr. 3)

Gitt overfor Adresse	Beløp pr. 31.12.		Utløper dato
	2011	2010	
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.	kr 4 500	kr -	25.01.2013
Stongfjorden Grendahus	kr 170 676	kr 211 676	01.06.2016

Sum garantiansvar	kr 175 176	kr 211 676
--------------------------	-------------------	-------------------

Note 4 Aksjer og andeler i varig eie (FKR § 5 nr. 5)

Selskapets navn	Eierandel i selskapet	Balanseført verdi 31.12.2011	Balanseført verdi 31.12.2010
Visit Fjordkysten		kr 37 000	kr 37 000
Lutelandet utvikling		kr 90 000	kr 90 000
Firda produkter		kr 1	kr 1
Firda billag	5,69 %	kr 569 000	kr 569 000
Stongfjorden eigendomselskap		kr 25 001	kr 25 001
Sogn og Fj.bustadbyggelag		kr 1	kr 1
Hauglandsenteret AS		kr 1	kr 1
Bulandet eigedom	40,56 %	kr 2 000 000	kr 2 000 000
SFE		kr 19 400 000	kr 19 400 000
Biblioteksentralen		kr 1	kr 1
Norsk sjøfuglsenter		kr 50 000	kr -
Eigenkapitalinnskott KLP		kr 4 379 506	kr 3 951 501
Sum		kr 26 550 511	kr 26 072 506

→ 5

Note 5 - Avsetning og bruk av fond

Jfr. forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner §5 nr. 6

Bundne driftsfond - kap. 251	2011	2010
Beholdning pr.01.01	11 552 959	10 771 482
Bruk av bundne driftsfond i driftsregnskapet	6 741 486	2 314 679
Bruk av bundne driftsfond i investeringsregnskapet	0	0
Avsetning til bundne driftsfond	3 585 670	3 096 155
Beholdning pr. 31.12	8 397 143	11 552 958

Ubundne investeringsfond - kap. 253	2011	2010
Beholdning pr.01.01	0	4 363 303
Bruk av ubundne investeringsfond i investeringsregnskapet	1 503 743	4 410 202
Avsetning til ubundne investeringsfond	1 503 743	46 899
Beholdning pr. 31.12	0	0

Bundne investeringsfond - kap. 255	2011	2010
Beholdning pr.01.01	1 639 695	1 632 102
Bruk av bundne investeringsfond i investeringsregnskapet	117 400	6 542
Avsetning til bundne investeringsfond	80 600	14 136
Beholdning pr. 31.12	1 602 895	1 639 696


Disposisjonsfond - kap. 256	2011	2010
Beholdning pr.01.01	377 221	2 310 841
Bruk av disposisjonsfond i investeringsregnskapet	0	0
Bruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	1 834 663	1 933 621
Avsetning til disposisjonsfond	4 604 930	0
Beholdning pr. 31.12	3 147 488	377 220

Samlet avsetning og bruk av fond i året	2011	2010
Beholdning pr.01.01	13 569 875	19 077 728
Avsetninger	9 774 944	3 157 190
Bruk av avsetninger	10 197 292	8 665 044
Netto avsetninger (Negativt tall betyr netto forbruk)	-422 349	-5 507 854
Beholdning pr. 31.12	13 147 526	13 569 874

Teknisk risikovurdering områdeinndeling ASKVOLL KOMMUNE 2012

Salgsområdet	1428
Innkjøp	384
Overføringer	172
Anleggsmidler	852
Finansområdet	704
Likvidområdet	561
Særattestasjonar	520
IKT / EDB	432

Teknisk risikovurdering 1428 ASKVOLL



Til
KRYSS Revisjon
Postboks 487
6802 FØRDE


FULLSTENDIGHETSERKLÆRING VEDK. ASKVOLL KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP FOR 2011

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2011 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilt som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntruffe hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som framgår av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheiter eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutiner og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter.

Askvoll den 15. februar 2012


Svein Festervoll
Rådmann


Nina Haugstad
Konstituert økonomisjef

Askvoll kommune
v/Rådmannen
6980 Askvoll

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\årsavslutning2011/tv11	216	01 / 2012	5. januar 2012

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2011

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2011, 15. februar 2012, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen for år 2011 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.12.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å inn-hente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighets-erklæring* der det vert bekrefta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi legg ved ein eksempelml på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet* og *kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner her om at det er *anordnings-prinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten er **31. mars 2012**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapen til kommunestyret/bystyret *før* formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapssaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet* si *innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot* eller *dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndeckast.

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Dette er økonomisjefane/rekneskapssjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2011, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2011.

Florø den 5. januar 2012
Med helsing

Terje Førde
Revisjonssjef
(sign.)

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2011
Revisjonsnotat 05.01.12: '*Dokumentasjonskrav i bokføringslova*'

Kopi til: Ordførar
Økonomi
v/Julie Gjervik og Nina Haugstad
Kontrollutvalet

Vedlegg nr. 1:**Eksempel/mal for fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2011**

Til

KRYSS Revisjon

Strandgt 43

6900 Florø

**FULLSTENDIGHETSERKLÆRING VEDK. ASKVOLL KOMMUNE SIN
ÅRSREKNESKAP FOR 2011**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2011.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2011 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedommsrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilla som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntrufne hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som fram går av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheitar eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutinar og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapssaka:

(Stad, dato)

(Administrasjonssjef/Rådmann) (Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)

Vedlegg. Nr. 2**Revisjonsnotat 05.01.12;****Samandrag av 'Dokumentasjonskrav bokføringslova' – årsrekneskapen 2011**

Lova § 11 – Dokumentasjon av balanse (gjeld generelt)

- ☞ Ved utarbeiding av årsrekneskap *skal* det ligge føre dokumentasjon for **alle balanseposter med mindre dei er ubetydelege.**

Forskrift om bokføring:

§ 6-1 Varelager – i all hovudsak ikkje aktuelt for kommunal sektor

§ 6-2 Dokumentasjon av **bankinnskott, lånegjeld, kontantar**, o.l.

- ☞ Det skal ligge føre oppgåve frå finanseringsinstitusjon (bank, mv.)

NB! Bruk årsoppgåvene til kommunen for fullstendighet!

(> FAU, Elevråd, Klassekonti, osv., vurder vesentlegheit ifht å ta inn mot bunde fond)

>**Kontantkasser** – opptald ved årets slutt, datert, signert og evt differanser forklart!§ 6-3 Dokumentasjon av **finansielle instrument**

- ☞ Oppgåve frå VPS

§ 6-4 Dokumentasjon av **avsetningar**, nedskrivingar, mv.

- ☞ Skriftlegheit av vurderingar, berekningsmetodar og føresetnader.

Kunde- og leverandørreskontro:

- ☞ Aldersordelt saldoliste pr. 31.12.; verdi- og tapsvurdert – kva skal evt forast bort som tapt

Andre fordringar, kortsiktig gjeld og interimskonti

- ☞ Beløpa skal vere dokumentert med henvisning til bilag og det er ein fordel at vesentlege bilag er kopiert og lagt ved som dokumentasjon på bokført balanseverdi!

Anleggsmidlar (NB ! Ikkje krav om at inngåande fakturaer må leggst til eige arkiv), men:

- ☞ **Årets tilgang:** jfr. balansen skal vere dokumentert med **klar samanheng** frå **Balansen** på avskrivingsgrupper; jf. § 8 – **Anleggsregisteret** med avskrivingsgrupper og funksjonar – til **Investeringsrekneskapet** på avskrivingsgrupper og funksjonar (som gjev bilagshenvisning)

>Sum investeringsutgifter = Sum aktiviering i balansen !!

- ☞ **Årets avgang** i balansen med klar samanheng frå balansen – anleggsregisteret – investeringsrekneskapen

>NB ! Nedskriving utan salg framgår ikkje av investeringsrekneskapen, men skal dokumenterast med bilag

- ☞ **Avskrivningar;** jfr. anleggsmodul

>Påsjå at avskrivningar blir gjennomført korrekt (tilstrekkeleg avskrivningar, årets investeringar avskrivast normalt ikkje og då heller ikkje anskaffelsar over fleire år **før** ferdigstilt/teke i bruk**Omløpsaksjar skal nedskrivast; jfr. lavaste verdi's prinsipp, anleggsaksjar berre ved varig verdinedgang.****Hvis administrasjonen (rådmannen) meiner at verdipapirer bør (om-) klassifiserast som/til anleggsmidlar for å sleppe årleg nedskriving, husk då at :****Finansielle omløpsmidlar og – anleggsmidlar** (Forskjell/skilnad frå privat rekneskap !!!)

- ☞ Anleggsaksjar skal finansierast ved anskaffelsen (evnt. ved omklassifisering) !!! (NB!)
- ☞ Omløpsaksjar skal ikkje finansierast ved anskaffelsen !!!!

Vurdering av om aksjar er anleggsaksjar eller omløpsaksjar:

- ☞ Mest interessant ved anskaffelsen ifht finansiering
- ☞ Evt klassifisering av verdipapirer til anleggsmidlar må:
 - >Finansierast fullt ut i investeringsrekneskapen utan bruk av lånemidlar og NB!!!:
 - >Salg av Anleggsmidlar er investeringsinntekt i fht gevinst ved salg av omløpsmidlar som vil vere driftsinntekter !!!

Bundne fondsmidlar:

- ☞ Skal vere dokumentert med bestemmelsen som gjer at midlane er bundne !
- ☞ All avsetning til og bruk av bundne fond skal vere dokumentert; dvs. at dette faktisk er korrekt at beløpet skal til/frå eit bunde fond
- ☞ Status pr. 31.12.:
 - >Skriftleg vurdering av om fondet faktisk er eit bunde fond pr. 31.12.
 - >Skal „bundne“ fondsmidlar returnerast til (tilskots-) gjevar eller omklassifiserast ?
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får rydda opp her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Disposisjonsfond / Frie fondsmidlar:

- ☞ Er merka disposisjonsfond utgått; dvs. bør die tilbakeførast til generelt Disposisjonsfond ?
- ☞ Ubrukte midlar frå drifts- (års-) budsjettet 2011 kan ikkje automatisk avsetast til Disposisjonsfond med ‘merkelapp’ !
- ☞ Bruk av “merka” disposisjonsfond krev normalt budsjettvedtak; eventuelt delegert fullmakt frå Kommunestyret/Bystyret
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får gjort dette korrekt her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Rekneskapsføring av avdrag på lån; jfr. KRS nr. 2, pkt. 3.2 og 3.3

- ☞ **Alle betalte avdrag** på lån skal som hovudregel utgiftsførast i driftsrekneskapen
 - >Ikkje lenger noko skiulle på ekstraordinære og ordinære avdrag ifht rekneskapsføring
- ☞ **Driftsrekneskapen skal minimum belastast** med avdragsutgift tilsvarende minimumsavdrag.
- ☞ **Avdrag;** ut over minimumsavdrag, **finansiert med investeringsinntekter** (ekskl. overføringar frå driftsrekneskapen og bruk av disposisjonsfond) **skal** rekneskapsførast (utgift) i investeringsrekneskapen
- ☞ **Refinansiering av lån; jfr. pkt. 3.5**
 - >Det er stilt krav om at innfriing av gamal gjeld (lån) og opptak av ny gjeld (refinansiering) har ein **samanheng**, samtidigheit og må vere innafør same år !

Minimumsavdrag

KRS nr 3 inneheld ikkje reglar for korleis minste tillate avdrag (minimumsavdrag) skal bereknast, men KR D (Kommunal og Regionaldepartementet) har gjeve to metoder; jfr. svarbrev av 25.09.2007 frå KR D til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund).

☞ Kommunelova § 50, nr. 7

- >Gjenstående løpetid for kommunane si samla gjeldsbyrde kan ikkje overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte.
- >Omfattar all langsiktig gjeld og alle anleggsmidlar (Jfr. KL § 50, nr. 1 og 2)
- ☞ **Kommunen må gjere greie for korleis kravet til minimumsavdrag er Etterlevd og dokumentere dette som vedlegg til rekneskapen.**
 - >Når det gjeld metodane, *forenkla modell* og *reknearkmodellen*, så vert det vist til KR D-brev av 25.09.2007.

Til Askvoll kommune
v/Ordføreren

6980 Askvoll

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

Dykkar ref.:
Kommunerekneskapen 2011

Vår ref.:
\\Askvoll\rev.beretning2011

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
019 / 2012

Dokumentdato:
20. april 2012

REVISJONSBERETNING ASKVOLL KOMMUNE 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Askvoll kommune, som er samansett av balanse pr 31.12.2011, driftsrekneskap som viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 4 049 676,-. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse (0,-). I tillegg følgjer investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr 31.12.2011, som inneheld ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar til rekneskapen.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil og manglar.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil og manglar. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon:

Etter vår vurdering er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Askvoll kommune pr 31.12.2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. 31.12.2011, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, jfr. presiseringar nedanfor.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen er samanstilt og stemmer i det alt vesentlege med regulert budsjett; - jfr. presisering nedanfor.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter *internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor, vil vi kome med følgjande *presiseringar*:

- Vi viser til hovudoversiktene og dei spesifiserte utskriftene av drift- og investeringsrekneskapen der det er registrert større eller mindre avvik mellom budsjett og rekneskap på einskildkapittel. Vi viser til det som er kommentert kring dette i årsmeldinga.
- Det ligg til Askvoll kommunestyre å godkjenne dei disponeringar som ligg føre i den avlagte årsrekneskapen for 2011.

Askvoll den 20.04.2012

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

31 10 12

Uts
Bilag



KRYSS-revisjon
Kommunnerevisjonen i ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487
6801 FØRDE

Att.: Revisjonssjef Terje Førde

Vår ref.
12/128-2

Dykkar ref.

Arkiv
K1-144

Dato:
30.10.2012

Tinging frå kontrollutvalet - overordna analyse

Vi viser til brev av 7.februar d.å. og beklagar sterkt at vi ikkje har gitt ei skriftleg tilbakemelding før no.


På bakgrunn av brevet og dei svara du allereie har fått frå kommunen i høve til det opphavlege, gjer at det for oss herskar noko uvisse om kva som står att. Det kan av den grunn vere nødvendig å be om ei konkretisering av dei spørsmåla.

Situasjonen i administrasjonen og på rådmannskontoret har vore og er at vi ikkje rekk over alle oppgåvene som er lagt til kontoret. Det er vanskeleg å finne samsvar mellom ønske og forventningar til den kommunale administrasjon på den eine sida og på den andre sida vår evne til å løyse den samla mengda av oppgåver.

Eit ønske og mitt framlegg til kontrollområde for ein forvaltningsrevisjon, er å få ein objektiv analyse av forvaltninga - den faktiske bemanninga og kompetansen i sentraladministrasjonen og den enkelte etat/avdeling sett opp mot oppgåvene som ein er sett til å løyse.

Vi håper at det vi no ber om ikkje fører til meirarbeid av større omfang for revisjonen. Det er truleg meir rasjonelt for alle parter at svara som kjem frå oss knyter seg til meir konkretiserte spørsmål.

Med helsing


Svein Festervoll
Rådmann

Direkte ifl.: 57 73 07 03

Sentraladministrasjonen
Postboks 174
6988 Askvoll

Tlf: +47 57 73 07 00
Org.nr. NO 964 968 330 MVA

postmottak@askvoll.kommune.no
www.askvoll.kommune.no

-rom for eventyr !

Askvoll kommune
Rådmannen
6980 ASKVOLL

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Overordna analyse 2012/tf	216	003 / 2012	7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I ASKVOLL; - OVERORDNA ANALYSE – ASKVOLL KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Askvoll kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Askvoll kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenestekområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ☞ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ☞ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finansreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgave- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenstedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemdar/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.

Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Askvoll kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012

Med helsing

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 11.09.2012
Skrift: 026/2012
Arkiv: 216
Avd.kode: 1428
Sakshendelse: 7A



KRYSS-revisjon
Kommunerevisjonen i ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487
6801 FØRDE

Vår ref.
11/49-4

Dyktlar ref.

Arkiv
K1-210, K3-&58

Dato:
06.09.2012

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD

Viser til brev av 5. januar 2012 med spørsmål om rådmannen sitt tilsyn i høve til risiko for misleghald m.v.

Misleghald m.v.

Så langt eg kan vurdere, er det ikkje grunn til å tru at kommunen sitt rekneskap inneheld feilinfo som skuldast misleghald.

Prosedyrar for handtering av risiko

Askvoll kommune har fleire rammekrav med omsyn til økonomistyring og kontroll:

1. Økonomireglementet
2. Finansreglementet (vedteke i KM 17. desember 2010)
3. Klåre rutinar for attesting og tilvising av beløp til utbetaling
4. Melding til Kryss – revisjon om tilvissningsmynde
5. Månadleg avstemming av bankkonti og utskrifter i samsvar med økonomisystemet
6. Tertialrapporter
7. Årsoppgjer med revisjonskontroll

Eigne reglar for innkjøp i Askvoll kommune med kr 15 000,- som nedre terskelverdi. Kommunen er medlem av fylkeskommunen sin innkjøpsordning og fullmakt til utbetaling over bank er avgrensa til økonomiavdelinga sine tilsette.

Dialog med KM

Handsaming av reglement og retningslinjer generelt og økonomistyringssystem spesielt, er KM sitt kompetanseområde. I tillegg kjem Kontrollutvalet som er KM sitt utval for tilsyn og kontroll og som skal ha tilsyn med den kommunale forvaltninga – under dette økonomiforvaltninga m.v. jfr. § 77 nr.4 i kml. FM er det organ som skal førebu både budsjett, økonomiplan og rekneskap. Summen av kontrollpostane og tiltaka er at det er stor merksemd retta mot den kommunale økonomistyringa i sin heilskap.

Sentraladministrasjonen
Postboks 174
6988 Askvoll

Tlf: +47 57 73 07 00
Org.nr. NO 964 968 330 MVA

postmottak@askvoll.kommune.no
www.askvoll.kommune.no

-rom for eventyr !

Tema som misleg åtferd, korrupsjon og etikk er på dagsorden i fleire samanhenger og ligg høgt i bevisstheita hjå tilsette.

Askvoll kommunestyre vedtok i møte 18.06.12, personalhandbok for Askvoll kommune. Kap II i handboka er etiske retningslinjer for tilsette i kommunen. Rutinane legg opp til årleg gjennomgang av retningslinene med dei tilsette og inneheld tema som habilitet, forbod mot gaver i tenesta, innkjøp m.m.

Kjennskap til misleg åtferd

Konstituert rådmann kjenner ikkje til noko tilfelle av økonomisk misleghald i dag. Heller ikkje har rådmann mistanke om misleghald, og det er ikkje kome fram seriøse påstandar om økonomisk misleghald


Når det gjeld forholdet til nærstående partar vert dette ei vurdering av habilitet den enkelte fortløpande skal gjere. I personalhandboka er det presisert at tilsette har ei sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet, slik at han/ho kan fritakast for ei sak eller ei arbeidsoppgåve.

Innkjøpsreglementet til kommunen har krav om å hente inn pris i frå fleire leverandørar, der dette er mogleg, på innkjøp ned til kr.15.000,-

Dette er gjort for å gjere dei mindre innkjøpa meir «gjennomsiktige» og sikre at kommunen handlar varer og tenester til rett marknadspris.

Konstituert rådmann er ikkje kjend med at kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til relasjonar og transaksjonar med nærstående partar.

Med helsing


Håkon Loftheim
Konstituert rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 04

Askvoll kommune
v/Rådmannen

6980 ASKVOLL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\misleghaldtilsyn12/tf12

Arkivkode:

216

Journalnr.:

02 / 2012

Dokumentdato:

5. januar 2012

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Askvoll Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk atferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Florø den 5. januar 2012
Med helsing

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren

Sakshandsaming i personalsaker i Askvoll kommune


Rådmannen har delegert mynde til å handsame alle personalsaker i hht. lov, avtalar og vedtekne reglement/personalhandboka. Denne fullmakta er delegert vidare til etatsjef/einingsleiar.

Administrasjonsutvalet er klageinstans i saker avgjort av administrasjonen, der anna klagemåte ikkje er regulert i lov eller avtaleverk.



(T.d seier hovudavtala korleis usemje ved forhandlingar skal løysast i lokal eller sentral nemnd)

Rådmannen er underinstans ved klagebehandling jfr. Forvaltningslova § 33.

Dette gjev følgjande sakshandsaming i slike saker:



IKT STRATEGI FOR SYS-KOMMUNANE 2010 - 2013



Innhald

Innhald	2
1. Innleiing.....	3
2. Endringshistorikk.....	3
3. Status	5
3.1 Historikk.....	5
3.2 Tenester som blir omfatta av samarbeidet.....	7
3.3 Organisering	7
3.4 Infrastruktur.....	7
4. Overordna mål for IKT samarbeidet	8
4.1 IKT målsettingar i SYS samarbeidet.....	5
4.2 IKT målsettingar i SYS samarbeidet vidare.....	5
5. Grunnleggjande strategiar for å oppnå målsetjinga.....	9
6. Ansvar for gjennomføring av strategisk IKT-plan	9
7. Overordna mål for innføring, drift og utvikling av system og programvare	11
8. Planlegging og styring.....	11
9. Handlingsplan 2009-2012	12
2010	12
2011	12
2012	12
2013	13
10. Kostander	13

2 Endringshistorikk

Versjon	Dato	Endringar	Utarbeida av
1.0	21.08.09	Dokumentet etablert	Ingvild Hjelmtveit, Ola Hovland, Åge Klausen

2. Innleiing

IKT samarbeidet for kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord (her etter kalla SYS) vart etablert i 2005, då med Askvoll, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Høyanger, Solund, Jølster, Gaular og Førde som medlems kommunar. Det var eit ynskje om å samlokalisere IKT resursar i eit sterkare fellesskap, for å sette fokus på informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) som er eit viktig verktøy for utvikling av den kommunal verksemda, og ein føresetnad for direkte tenester over nett til innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar.

I denne prosessen treng vi ein felles strategi for kva vi vil med IKT i kommunane og korleis vi skal utvikle IKT i forvaltninga. Den felles strategien må fylgjast opp med eigne tiltaksplan frå kvar kommune. Dette vert kommunane sitt eige ansvar å leggje fram.

IKT styret i SYS er styringsgruppe som har det overordna ansvar for utvikling og gjennomføring av felles IKT strategi. Det kan og opprettast undergruppe/prosjektgrupper som har ansvaret for gjennomføring av delmål på vegne av samarbeidet.

Felles strategiplan for SYS kommunane er eit resultat av strategisamlingar der vi i fellesskap har prioritert fellesmål innan dei ulike samarbeids områda, m.a. helpdesk, sikkerheit, fagsystem, lisensar, innkjøp, drift/vedlikehald og nye system som blir teke opp av IKT styre.

IKT strategien i SYS skal gjelde alle verksemdar i kommunane som har høve til å nytte kommunal IKT infrastruktur.

Gulen kommune kjem til som ny medlemskommune frå 1.1.2010 vil være ein del av ny strategi.

Felles visjon for samarbeidet er:

” SYS kommunane skal aktivt utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi til å skape kvalitativt gode tenester til innbyggjarar og næringsliv, samt ei tilgjengelig og effektiv forvaltning ”

Ved å setje mål for bruk og utvikling av IKT vil kommunane:

- Auke kvaliteten på tenestene
- Auke effektiviteten
- Medverke til at kvardagen for innbyggjarane vert enklare
- Betre kommunikasjon/dialog med innbyggjarane

Ved å sette fokus på og leggje til rette for målbevist bruk av IKT kan ein oppnå gevinstar som tildømes:

IKT som produktivitetsfaktor

IKT er ei av dei sterkaste drivkreftene i samfunnsutviklinga. Utan ein effektiv offentlig sektor vert det vanskelig for privat næringsliv å oppnå høg produktivitet.

Meir heilskapleg offentlig sektor

IKT kan bidra til ein meir heilskapleg offentlig sektor. Informasjon og tenester kan samanstillast på tvers av sektorar og offentlege verksemdar, og tilpassast den einskilde brukar sine behov.

Auka kvalitet på tenester

IKT er eit viktig virkemiddel for å auka kvaliteten på offentlege tenester. Oppdatert og koret informasjon er avgjerande for å kunne treffe raske og gode avgjersler i offentleg sakshandsaming.

Frigjering av ressursar

IKT vert stadig viktigare som verktøy for omstilling og frigjering av ressursar i kommunesektoren. Sjølv om elektronisk datahandsaming har vore nytta i mange tiår er det framleis rom for å hente ut store effektiviseringsgevinstar.

Effektiv intern drift

IKT løysingar er viktige for kommunane si interne drift. Det er stort behov for å utvikle felles kravspesifikasjon for ulike fagsystem i kommunane.

3. Status for IKT samarbeidet

3.1 Historikk

Kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYS) har gjennom fleire år samarbeidd om delar av IKT løysingane og har gradvis auka bruken av IKT i kommunal forvaltning og teneste produksjon.

Samarbeid om regionsnett (SYSNETT) starta i 2001 og gav starten på ei utvikling som gjer at vi i dag kan ha eit felles datasenter der vi kjører alle verksamheits kritiske fagsystem for alle kommunane. Fyrste fagsystem som vart sett i drift var felles økonomiløysing i 2003/2004. Der etter starta planlegging av nytt datasenteret til å dekkje alle fagsystem i 2006/2007. Datasenteret stod ferdig 2008/2009, tilpassing og omlegging for kommunane vil være ferdig 2009.

Kommunane har mange ulike system i bruk og sjølv om det kan være få brukarar pr system er det eit krav til å nytte fagsystem på dei fleste fagområde. Drift og kompetanse krav er stort sett det same om løysingane har få brukarar eller mange brukarar per system. Dette gjer at ei felles forvaltning av slike system blir både meir effektive og kostnadsdempande på sikt.

Både breidda i fagsystem, eit aukande tal maskiner og stadig meir komplekse system gjer at den enkelte kommune ikkje kan stå åleine med desse oppgåvene. Samla sett vil dei framtidige oppgåvene vere av ein slik karakter at det vil vere trong for meir spesialisert kompetanse enn det som har vore tilfelle tidlegare.

For å møte desse utfordringane vart det inngått eit utvida IKT samarbeid mellom kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYS) frå og med 2005. Frå 01.01.2010 vil samarbeidet vere organisert som eige føretak etter kommunelova § 27.

Partar i samarbeidet er:

Førde kommune
Naustdal kommune
Gaular kommune
Jølster kommune
Fjaler kommune

Askvoll kommune
Hyllestad kommune
Solund kommune
Høyanger kommune
Gulen kommune

Følgjande kommune kjøper nærare definerte tenester:
Flora kommune

3.2 Tenester som blir omfatta av samarbeidet

IKT samarbeidet skal mellom anna gi eigarkommunane følgjande tenester:

✓ **Helpdesk**

Eit felles senter der brukarane rapporterar inn problemstillingar. Enkel feilretting og prioritering.

✓ **Sikkerheitsløysing**

Vidareføre den felles sikkerheitsløysinga ein har i dag og utarbeide felles retningslinjer for datatryggleik.

✓ **Fagsystem**

Arbeide for at vi skal ha så få ulike system innan for dei ulike fagområda som mogeleg. Driftsorganisering og brukarstøtte skal vurderast nærmare i lys av oppretting av helpdesk og nye roller.

✓ **Lisensar**

Oppgåva med felles lisensadministrasjon vert tillagt IKT fellesskapet, under dette kartlegging av alle lisensar, reforhandle av avtalane med leverandørane samt koordinering av nye lisensavtalar.

✓ **Innkjøp**

Oppretting av ein felles innkjøpsordning som vert koordinert av den nye SYSIKT. Eit klar hovud oppgåve blir å standardisere utstyr og programvare.

✓ **Drift og vedlikehaldsansvar**

SYSIKT får drifts- og vedlikehaldsansvar for IKT utstyret i medlemskommunane. Dette omfattar:

- PC
- Skrivarar
- Lokalt nettverks utstyr og infrastruktur
- Basis programvare (operativsystem, kontorstøtte program f.eks Office, TS klient, fjerndriftsklient)

SYSIKT får drifts- og vedlikehaldsansvar for datasenter. Dette omfattar:

- IKT arkitektur (som domene modell)
- Nettverks infrastruktur
- Serverer (fil, print, e-post, database, applikasjon m.m. Implementere og drifte felles system inkludert oppfølging av leverandørar)

- Backup
- Sikkerheit (filtrering)
- Fjerndrift (interne og eksterne behov)
- Leverandørkontakt (på vegne av SYS)
- Innkjøpsansvar (Foreta innkjøp: utarbeide kravspesifikasjon, anbudsgrunnlag, gjennomføre anbudsprosess, oppfølging av leverandører. Utarbeide retningslinjer for innkjøp.
- Gjennomføring av prosjekt.

✓ *Nye felles system*

For å oppnå stordriftsfordelar ved enklare drift og lågare lisenskostnader bør det over tid bli færre system. Behov for nye system skal leggst fram for styret for SYSIKT med sikte på at ein i størst mogleg grad skal velje felles løysingar.

3.3 Organisering

IKT samarbeidet er organisert som eit eige rettssubjekt etter kommunelova § 27. Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette er lagt til Førde kommune. Styre har det overordna ansvar for oppfylging av vedtekne planar og strategiar.

Kvar kommune plukkar ut ein kontaktperson opp mot IKT. Vedkomande skal ha ansvar for oppgåver som:

- Sjå til at samarbeidsavtala og servicenivåavtalar vert følgt opp i eigen kommune og av SYSIKT.
- Samla melde inn behov for nye tenester på vegne av kommunen.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt mot styret og IKT leiar.
- Hjelp IKT med enkel flytting/bytting av utstyr lokalt i kommunen.

Ansvar for IKT blir så fordelt i samsvar med ein rollemodell som: styrar-, bestillar- og leverandør- rollene. Der styrar er IKT styre, bestillar er kommunane og leverandøren er SYS IKT.

Alle deltakarkommunane er representert i styret. I tillegg har dei tilsette ein representant i styret.

3.4 Infrastruktur

For å oppnå så effektiv drift som mogeleg har det vore viktig å få samordne så mykje som mogeleg av fagsystema vi nyttar. Gjennom prosessen med å byggje opp ein felles server park (felles datasenter) har det vore ei prioritert oppgåve å få færre ulike system.

SYS kommunane har no lik infrastruktur og arkitektur plattform og det gir eit godt grunnlag for å utarbeide felles IKT planar, tryggleiksdokumentasjon og dokumentasjon for dei sensitive registra kommunane nyttar.

Felles programvare gir eit større og meit fleksibelt fagmiljø som verkar positivt på kompetanseoppbygginga i kommunane. Til no har vi kome lengst med fagleg samarbeid innan Agresso, men ser at det og er grunnlag for tettare samarbeid m.a. innan sak/arkiv, web, etc.

4. Overordna mål for IKT samarbeidet

Bruk av IKT i SYS kommunane skal støtte opp under kommunane sin tenesteproduksjon og medverke til at kommunen når sine mål på ein kostnadseffektiv måte.

4.1 IKT målsettingar i SYS samarbeidet

Overordna målsetningar for IKT samarbeidet er definert i dei tenestene som er omfatta av samarbeidet: helpdesk, sikkerheit, fagsystem, lisensar, innkjøp og drift/vedlikehald.

- Med desse målsetningane som rettesnor er "SYS Datasenter" skapt, og er ein fellesserverfarm som utgjer ein viktig grunnmure for kommunale IKT løysningar. Dette sikrar m.a. raskare program oppdateringar og like versjonar til alle, sikrare datalagring og felles domene for SYS brukarane. Som gjev også høve til standardiserar for å halde kostnaden for drift og vedlikehald så låg som mulig.
- Datasenteret gjev no muligheit til å installere fagsystem ein gong ein plass, for alle. Det vil bety samla lågare kostnad på programleverandøren ved installasjon og gjev høve til å få felles lisensavtalar.
- HelpDesk er eit felles senter der brukarane rapporterar inn problemstillingar elektronisk. Dette vil frå 2010 bli eit bemanna senter med ein helpdesk telefon i tillegg til elektronisk melding som i dag.
- Vidareføre den felles sikkerheitsløysinga ein har i dag og utarbeide felles retningslinjer for datatryggleik. Sikkerheitsløysingar er ferskvare og må løpande evaluerast. På dette delområdet deltek Flora kommune.
- Arbeide for at vi skal ha så få ulike fagsystem innan for dei ulike fagområda som mogeleg. Driftsorganisering og brukarstøtte skal vurderast nærmare i lys av oppretting av helpdesk og nye roller i ny organisering.
- For å sikre framtidig kompatibilitet med felles SYS "IKT arkitektur" skal alle nye løysingar vurderast av SYSIKT og fram leggjast til IKT styre for endeleg godkjenning.

4.2 IKT målsettingar i SYS samarbeidet vidare

- Det er viktig å ha fokus på at IKT bruken i kommunane skal gje økonomiske fordelar ved kompetanseoppbygging, felles opplæring og problemløysing. Ved ytterlegare å satse på lik programvare, ei høg grad av standardisering, og driftsorganisering med brukarstøtte nærmare knytt opp til HelpDesk. Brukarstøtte rolla må tydelegare presiserast i ny organisering.

- Det er viktig at IKT samarbeidet gjennom nettbaserte tenester skal dekke viktige deler av innbyggjarane sine tenestebehov og medverke til ei god samfunnsutvikling.
- Det er viktig at IKT samarbeidet skal gjennom god kvalitet på IKT tenestene medverke til å legge grunnlag for høg fagleg standard på tenestene til innbyggjarane.
- Det er viktig at IKT samarbeidet deltek i vidare utvikling av tenestene gjennom dialog med brukarane og andre samarbeidspartnarar.
- Det er viktig at IKT målsetjingane er i samsvar med sentrale føringar, som eKommune 2012 og liknande dokument.

5. Grunnleggjande strategiar for å oppnå målsetjinga

Denne planen inneheld overordna føringar, status, mål og strategiar for korleis vi kan utvikle SYS kommunane til moderne eKommunar i samsvar med nasjonale føringar. Strategiplanen byggjer vidare på det arbeidet som alt er i gang.

- SYS kommunane skal vere i frøste rekkje når det gjeld nettbaserte tenester og dialog med publikum
- Vi skal drifte fagsystem og applikasjonar så effektivt som mogeleg med av automatisering og standardisering.
- Vi skal dele kompetanse og erfaring slik at vi kan vidareutvikle løysingar og heve kvaliteten på tenestene

6. Ansvar for gjennomføring av strategisk IKT plan

Styret og dagleg leiar for SYSIKT skal sjå til at felles strategiplan vert gjennomført.

7. Overordna mål for innføring, drift og utvikling av system og programvare

Programvare	MÅL	KORLEIS VEIT VI OM MÅLET ER NÅDD
WEBportal	Nettsidene skal vedlikehaldas og oppdaterast slik at dei til ei kvar tid er i samsvar med Noreg.no sine kvalitetskriterier	Årleg kvalitetsvurdering frå Noreg.no
	Alle kommunar skal ha søknadssenter for mottak av elektroniske skjema	

Sakarkiv WebSak	Alle kommunane over på full versjon av sakarkiv, for å sikre eit større brukarmiljø for fagleg oppdatering og driftsfordelar. Ta i bruk modul for byggsak	
Økonomiløysing Agresso	SYS samarbeide nyttar løysing frå Agresso og vil oppgradere til ny versjon i 2010. Den vil då vere klar 1.1.2011. Viktig for ny løysing er integrering med forsystem som: ShiftManager, Notus, Extens, AD (windows server identifikasjons system)	
Gerika Pleieomsorg	Integrering med Agresso faktura, PDA i heimetenesta, helsenett	
CosDok Pleieomsorg	Integrering med Agresso faktura, PDA i heimetenesta, helsenett	
Shift Mannager	Integrering med Agresso lønn	
Notus turnus	Integrering med Agresso lønn	
Extens	Integrering med Agresso lønn og faktura	
GIS (Norkart)	Vidareføre prosjektet med sakarkiv integrering med byggsak i WebSak.	
Komtek (Norkart)		
Socio	Sosial NAV integrert	
Bvpro	Barnevern har prosjekt for overgang til Familia	
Profil Pleieomsorg	Gaular	
Winmed hs	Helsestasjon har kjørt pilot på ekstern oppkopling frå skule. Dette må vidare førast i andre kommunar.	
Arko	Fysioterapi dei som nyttar Arko: Fjaler	
Promed	Fysioterapi dei som nyttar Promed: Naustdal og Jølster	
Unique Flyktning	Norsksentere Førde	
PPTHK	Fjaler og Førde	
Fronter	LMS system for skule	

8. Planlegging og styring

Kommunane satsar store summar på innkjøp og drift av IKT løysingar. For å kunne hente ut gevinsten av IKT satsingane er det avgjerande at leiarar på alle nivå i organisasjonen har kunnskapar om strategisk IKT planlegging og evne til verksemdssytring og organisasjonsutvikling med utgangspunkt i dei muligheiter teknologien gir for effektivisering og betre tenester. Folkevalde i kommunar må også ha tilstrekkelig kunnskap om IKT til å kunne fatte strategiske IKT avgjere.

Behovet for nye løysingar må vere forankra i reelle behov som støttar seg på strategiske verksemdsmål. Gjennomføring av endringsprosessar må ha forankring i leiinga, men endringar er ikkje mogeleg å gjennomføre utan at alle som er råka er motiverte for å ta ut gevinstane. Eit teknologisk velfundert prosjekt risikerer å feile utan ein god plan for gjennomføring og realisering av gevinstar.

Gevinstane ved IKT investeringar kan ofte ikkje takast ut før det er gjennomført organisasjonsendringar og kompetanseheving i verksemda. Ofte må det og skapast kulturendringar. Gevinstane kan dessutan lett verte usynliggjorte fordi frigjorte ressursar, som i stor grad vil vere personellressursar, umiddelbart vert overført til nye eller andre oppgåver eller til kvalitetsheving av eksisterande tenester.

Betre dokumentasjon av gevinstar ved IKT investeringar og god kontroll med gjennomføring av IKT prosjekt er nødvendig for å legitimere satsing på IKT som eit viktig verktøy for kvalitetsheving, effektivisering og frigjering av ressursar. I denne samanheng er det behov både for utvikling av metodar og formidling av kunnskap og erfaringar.

Strategisk IKT planlegging gjer det enklare å gjere dei rette strategiske vala. KS har utvikla ein verktøykasse for IKT planlegging som eit hjelpemiddel for kommunane til å analysere eigen verksemd og utvikle IKT strategi tilpassa egne behov.

Dei tilsette sin kompetanse i bruk av IKT er avgjerande for effektiv forvaltning og tenesteyting. Behovet for IKT kompetanse er ulikt for ulike grupper av tilsette. Det bør difor gjennomførast kartlegging av den digitale kompetansen til dei tilsette. Siktemålet er å få oversikt over både den grunnleggjande og den fagspesifikke IKT kompetansen. Det er viktig å sikre at alle tilsette har eit minimum av kunnskapar, samstundes som spesifikke kunnskapskrav til ulike grupper tilsette må fylgjast opp med analyse og opplæring. Det er viktig at kommunen har eit tilbod om enten interne eller ekstreme kurs på rett nivå. Mange kommunar kan ha nytte av e-læringsløysingar.

For at IT strategien skal være eit "levende" dokument, er kolbingen mot kommunane sine øvrige planverk viktig. Det betyr at den skal drøftes og reviderast løpande i forhold til å møte både interne og eksterne utfordringar

Når økonomiplanarbeidet for neste periode startar opp, er målsettinga at IT strategien skal være eit grunnlagsdokument som kan hjelpe leiarar i prioriteringa av prosjekt som inneheld IKT. De kortsiktige prioriteringar må være innspel til konkrete prosjekt og aktivitetar som bør prioriterast i budsjettarbeidet for neste periode.

9. Handlingsplan 2009-2012

2010

Tiltak nr	Beskriving
1	Vidareføre SYS skule – eigen prosjektplan
2	Ta i bruk byggsak modulen i websak
3	Intranett (SharePoint pilot i Førde)
4	Komtek prosjekt Fjaler
5	Endring i organisering av SYSIKT, ny medlem Gulen og ny drift skule
6	Utvide serverpark for Gulen kommune
7	Lisensadministrasjon
8	Ny IKT innkjøpsordning
9	Nytt tilbud på SYS sambandsløsning
10	Organisering av lokaldrift, superbrukere og brukerstøtte

2011

Tiltak nr	Beskriving
1	Eksempel: Forbere tilbudet av elektroniske skjema
2	
3	

2012

Tiltak nr	Beskriving
1	Eksempel: Forbere tilbudet av elektroniske skjema
2	
3	

2013

Tiltak nr	Beskriving
1	Eksempel: Forbere tilbodet av elektroniske skjema
2	
3	

10. Kostand

Oppsett som syner kostnadsfordeling for kvar kommune for kvart år i planperioden

027/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSFUNKSJONEN - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.12.2012	034/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering», datert 13.11.12.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 024/11 og 007/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen.» vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSFUNKSJONEN - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

KRYSS revisjon har lagt fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Innkjøpsfunksjonen."

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 14.03.2012 sak 007/12 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen» handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Innkjøpsfunksjonen" vert godkjent.*
- *Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS revisjon for operasjonalisering.*

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på tingingar av forvaltningsrevisjon.

Utskrift RSK001:

11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.

18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.

19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.

Problemstilling(er)

20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.

21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonalisere problemstillingen(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Kommunerevisjonen i KRYSS revisjon har no lagt fram prosjektplan for prosjektet. Det vert vist til prosjektplanen, som ligg ved, for nærare detaljar om innhaldet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet i Askvoll kommune
Ved SEKOM sekretariat

Hafstadvegen 21,

Postboks 338

6802 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
cl

Arkivkode:
216

Journalnr.:
30/2012

Dokumentdato:
13.11.2012

PROSJEKTPLAN – Askvoll kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:

Tittel på prosjektet:	<i>Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune</i>
Tingar:	Askvoll kontrollutval, ved SEKOM-sekretariat, i tingingsdokument av 14.03.2012
Revisjonseining:	KRYSS-Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim
Dato for prosjektplanen:	13.11.2012
Versjon av prosjektplan	I

TINGINGA – KONKRET:

Problemstillingane:	- Følgjer Askvoll kommune regelverket for kommunale innkjøp, og er det etabler rutinar for å sikre dette ?	
Tidsrommet revisjonen femnar om:	Kontrollen vert gjort mot rekneskapsåret 2011	
Revisjonskjelder/-kriterium:	Lov om off. anskaffelser	- Forskrift om off. anskaffelser
	www. Anskaffelser.no	- Ein portal i regi av direktoratet for forvaltning og IKT
	FAD ¹	- Rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar med visningar til sentrale dommar i EF domstolen. Samt andre moglege opplysende dokument/veiledarar frå td KS
Metodebruk	Økonomianalyse, dokumentanalyse og moglege samtalar med sentralt tilsette med innkjøpsansvar	
Tidsbruk i prosjektet	I medhald av dei tildelte ressurstimane i avtalen med Askvoll kommune	

¹ FAD forkorta av Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:

Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Oppstartsmøte inkl føregående sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	14 timar
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	22,5 timar
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	25 timar
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	1 veke (15 timar i reserve for uforutsette ting; sjukdom, mistydingar frå intervjuobjekt og andre tilhøve som kan dryge tidsbruken)
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	22 timar
rapportskriving	50 timar
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	15 timar

Bakgrunnsinformasjon om den reviderte kommunen, jf RSK 001 punkt 18 og 19.

Vi må få oversikt over kva moglege innkjøpssamarbeid og innkjøpsavtalar Askvoll kommune har, og evt er ein del av.

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingsdokumentet. Vil bli gjort i januar 2013.
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Vil bli gjort i januar 2013.
3. Skrivefasen i februar månad.
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. I februar/mars månad.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. Mars månad.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet.
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet i løpet av mars 2013.

Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Dette vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh



Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning
Tlf: 91333046

028/12: SELSKAPSKONTROLL – LUTELANDET UTVIKLING – FØRESPURNAD

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.12.2012	028/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SF revisjon – «Selskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS og prosjektplan», datert 31.10.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 029/12 Plan for selskapskontroll Askvoll kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

SELSKAPSKONTROLL – LUTELANDET UTVIKLING – FØRESPURNAD

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Førespurnad frå kontrollutvalet i fylkeskommunen om felles eigarskapskontroll inn mot Lutelandet Utvikling A/S

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjorde fylgjande vedtak i sak 12/7038-1:

- 1. Kontrollutvalet bestiller utføring av eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling i samsvar med utfylt bestillingsskjema.*
- 2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll slik den ligg føre*
- 3. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS.*

I samband med den formelle bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen til SF revisjon, førespurde sekretariatet om SF revisjon kunne tenke seg å vere med på eit felles prosjekt der fleire av eigarane til Lutelandet utvikling AS er med.

SF revisjon stilte seg positiv til dette og sendte i brev til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune den 31.10.2012 oversyn over tilleggstimar pr. kommune og eit samla kostnadsoverslag pr. kommune.

Kostnadsråma for selskapskontrollen for Askvoll kommune er 34 000 – 47 000,- basert på tilleggstimar pr. kommune.

Lutelandet utvikling AS er eit selskap som har som oppgåve å marknadsføre Lutelandet som industriområde. Selskapet arbeider med energiselskap, industribedrifter, teknologiutviklingsmiljø, og forskingsinstitusjonar for å få utvikla prosjekta som skal gi liv på Lutelandet.

Fordeling av egedelane i Lutelandet utvikling er slik:

Sogn og fjordane Fylkeskommune 48 %

Fjaler kommune 34 %.

Askvoll kommune 6%.

Hyllestad kommune 6%.

Solund kommune 6%.

Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Ifall kontrollutvalet ynskjer at Askvoll kommune skal delta i prosjektet, må saka handsamast i kommunestyret for å få midlar til prosjektet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kopi til: Kontrollutvala i kommunane Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund

Til
Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane
fylkeskommune

her

Selskapskontroll av Lutalandet Utvikling AS og prosjektplan

Viser til mottatte bestilling av selskapskontroll av selskapet Lutalandet Utvikling AS. På bakgrunn av bestillinga har kontrollutvalet ytra ynskje om å få tilsendt ein overordna prosjektplan for gjennomføring av selskapskontrollen.

Vi har lagt ved prosjektplan for gjennomføring av kontrollen.

Reisetid er medrekna i timane. Jf. bestillinga har kontrollutvalet sett ei øvre økonomisk ramme på kr 100 000,- som vil utgjere om lag 125 timar. Dersom det gjennom prosessen syner seg at det vert behov for meir enn 125 timar vil vi ta kontakt med kontrollutvalet for nærare avklaring. Vi vil og ta kontakt med kontrollutvalet dersom det skjer uføresette ting som SF revisjon IKS ikkje kan påverke, og som fører til forseinkingar i forhold til oppsette plan.

Vi vil rapportere skriftleg i ein sluttrapport der innhaldet vil vere etterprøvbart. Sluttrapporten vil innehalde følgjande hovudkapittel:

- Innleiing
- Om selskapet
- Styret i selskapet
- Selskapets revisor
- Generalforsamlinga
- Eigarstyring
- Høyring
- Konklusjon og tilrådingar

Om eit eventuelt samarbeidsprosjekt:

I samband med den formelle bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen fikk vi førespurnad frå sekretariatet ved Einar Ulla om SF revisjon kan tenke seg å vere med på eit felles prosjekt der fleire av eigarane til Lutalandet Utvikling AS er med. Vi har gjeve positiv attendemelding på førespurnaden. I tillegg til vedlagte prosjektplan som er sett opp i forhold til bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen vil eit felles prosjektet medføre følgjande tillegg med omsyn til ressursbruk/timeforbruk per kommune:

Tilleggsarbeid per kommune:

-besøk til kommunen inkl. reisetid:	8-10 timar
-innsamling av data:	15 - 20 timar
-analyse av data:	15 - 20 timar
-rapport del om eigarstyring:	10 - 15 timar
-møte i kontrollutvalet vedr. handsaming av rapport:	7-10 timar

Sum tilleggstimar per kommune:

~~55-75~~ timar
40-55

34' - 47'


Med ein timepris på kr 850,- vil det samla kostnadsoverslag per kommune utgjere kr 47 000 - 64 000. Tilleggsarbeidet går på rutinane rundt eigarstyring i den enskilde kommune.

Alt rundt selskapskontrollen som gjeld selskapet Lutalandet Utvikling AS er dekket i vedlagte ressurs- og timeforbruk for kontrollutvalet i fylkeskommunen.

Vi vil gjere dykk merksam på at benchmarking av kommunane og fylkeskommunen ikkje er med i kostnadsoverslaget.

Ved eit eventuelt samarbeidsprosjekt må kontrollutvalet i fylkeskommunen og kommunane ta stilling til om dei vil ha kvar sin rapport eller om dei vil ha ein fellesrapport der alle kommunane i tillegg til fylkeskommunen og deira rutinar knytt til temaet Eigarstyring vil vere omtalt i rapporten. Eit samarbeidsprosjekt vil medføre ein del ekstraarbeid slik at ein må pårekna at det vil ta om lag to månader ekstra i tid før ein eventuell fellesrapport vil vere klar for utsending sett i forhold til vedlagte tidsplan

Med vennleg helsing



Marianne Våra
Dagleg leiar/kontrollør

Vedlegg:

- E-post frå sekretariatet vedr. førespurnad om felles prosjekt
- Notat -- planlagt ressurs- og tidsbruk for gjennomføring av selskapskontroll jf. bestillinga frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Oppdrag: KÙ-vedtak av 01.10.2012, sak 32/12	Klientnr.	Arkiv:
Oppdragsgjever: Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kontrollutvalet	Utarbeida dato/sign 31.10.2012/MV	Ar: 2011
Sak: Prosjektplan- Selskapskontroll: Lutalandet utvikling AS – Internt notat	Gjennomgått dato/sign.	Side: 1 av 2

Notat oversendt sekretariatet v/Einar Ulla jf. avtale.

Planlagt ressurs- og tidsbruk:

Hovudområde	Timar	Veker	Periode
Planlegging • Prosjektplan • Oppstartsbrev • Oppstartsmøte • Kriteria	10-15	½	Veke 45
Datainnsamling • Interne dokument • Eksterne dokument • Spørjeskjema • Intervju • Møter	40-50	1-2	Veke 48, 49 og 50
Analyse • Vurdering av data/funn	40-50	1-2	Veke 51, 01 og 02
Rapport • Verifisering • Databeskrivelse • Metodebeskrivelse • Høringsuttale • Sluttrapport	20-30	1	Veke 03 og 04 Høring: Veke 06 og 07
Presentasjon kontrollutvalet • Førebuing • Presentasjon	5-10		Overlevering av rapport: 1. mars
Totalt forbruk	115-145	4-5	

Leikanger 31.10.2012

Marianne Vara
Dagleg leiar/kontrollør

029/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit,. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.12.2012	29/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Askvoll kommune 2012 – 2016" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Askvoll kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2016.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Askvoll kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

PLAN
FOR
SELSKAPSKONTROLL

2012 -2016



INNHALDSLISTE

1. Bakgrunn

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Innsynsrett

Kva består selskapskontroll i

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Kommunale føretak

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt

Vertskommunesamarbeid

Interkommunalt selskap

Aksjeselskap(AS)

AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar

Samvirkeforetak ((SA)

Stifting

Val av organisasjonsform

3. Formålet med selskapskontroll

Eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon

Undersøkingar

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Eigarskapsstrategi for selskap Askvoll kommune eig eller er medeigar i.

5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen

Gjennomføring – retningslinjer

Rapportering

Oppfølging

Vedlegg:

Oversikt over selskap Askvoll kommune eig eller er medeigar i:

Dokument ikkje vedlagt:

Kommunestyresak 017/08 Rapport om eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS.

Kommunestyresak 002/11 Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS - eigarskapskontroll.

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre ledd skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. Kommunale føretak. KL kap 11.

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. Interkommunalt samarbeid. KL § 27.

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. Interkommunalt samarbeid. KL § 27. Eige rettssubjekt

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. Vertskommunesamarbeid. KL §§ 28a, 28b og 28c.

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. Interkommunalt selskap (IKS). IKS- loven.

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. Aksjeloven.

Er eige rettssubjekt. Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeloven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til foretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesloven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølvveigande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Ein eigarskapskontroll i eit kommunalt eigd selskap vil vere basert på avtalen mellom kommunen og selskapet, på selskapets vedtekter og kommunen sin strategi i selskapet.

Kontrollen vil også basere seg på lov om interkommunale selskap for IKS, aksjelova for AS eller andre lover gjeldande for det aktuelle selskapet som er gjenstand for selskapskontroll.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2008 eigarskapskontroll inn mot Sunnfjord Miljøverk IKS IKS.

I rapporten gav Sekom sekretariat følgjande tilrådingar:

- Kommunen bør utarbeide ei eigarskapsmelding inkludert selskapsstrategi for selskap dei er medeigar i. Vi viser til dokumentet ”Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak ” laga av KS Eigarforum når det gjeld innhald i eit slikt dokument. Omfanget av dokumentet bør vurderast i høve til kva som er føremålstenleg.
- Kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn bør vurdere å samarbeide i samband med utforming av eigarskapsmelding.
- Kommunen bør vurdere å melde seg inn i KS Eigarforum for å delta aktivt i debatten om eigarskap i kommunar.
- Det bør utformast retningsliner for kva informasjon kommunen skal ha frå selskap dei er medeigar i, og kva av denne informasjonen som skal vidare til kommunestyret.
- Askvoll kommunestyre bør ha fokus på å velje representantar til representantskapet som stiller i representantskapsmøte.

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 11.03.2008 og gav følgjande tilråding til kommunestyret:

- Kontrollutvalet viser til rapporten frå SEKOM sekretariat datert 22.02.2008.
- Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.
- Kontrollutvalet viser til Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15, 2. ledd og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming.

Kommunestyret handsama rapporten i møte 21.04.2008 og gjorde vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding

Vedtaket er pr dags dato ikkje effektivt.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2010 eigarskapskontroll inn mot Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.

I rapporten gav Sekom sekretariat følgjande tilrådingar:

Sekom-sekretariat tilrår at kommunen legg KS-eigarforum sine tilrådingar om eigarskap og selskapsleing til grunn for sitt utøvande eigarskap i selskap kommunen eig eller er medeigar i.

Etter gjennomført eigarskapskontroll i Alarmsentralen tilrår Sekom-sekretariat særskilt følgjande:

- Det bør gjevast tilbod om opplæring til representantar og styremedlemer.
- Det bør lagast eigarmelding.
- Det bør utarbeidast strategidokument og lagast rutinar som sikrar ein aktiv strategidebatt i kommunen.
- Som ledd i utarbeiding av strategi bør det vurderast kva type representasjon kommunen bør ha i representantskapet; politisk, fagleg, administrativ eller anna. Det bør også vurderast kva type representasjon ein ynskjer å ha i styret.
- Det bør utarbeidast retningslinjer som sikrar føreseieleg kommunikasjon mellom kommunestyret og kommunen sin representant i førekant av representantskapsmøte.

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 19.11.2010 og gav følgjande tilråding til kommunestyret:

- Kontrollutvalet viser til rapporten etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS frå SEKOM-sekretariat datert 11.11.2010.
- Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.
- Kontrollutvalet viser til Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15, 2. ledd og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming.

Kommunestyret fekk lagt rapporten fram for seg som skriv og melding i møte 31.01.11 og gjorde følgjande vedtak:

1. Rapporten om eigarskapskontroll av «Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS» vert teken til etterretning.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å lage ein innleiande projektskisse av på kva måte kommunen kan ivartea eigarinteressene sine i kommunale selskap – i traåd med tilrådinga frå Sekom-sekretariat i den framlagte rapporten.

Det er ikkje utarbeidd ei meir formalisert oppfølging av eigarinteresser i selskap Askvoll kommune eig eller er medeigar i, slik tilrådinga i rapportane indikerte at ein burde gjere.

Ein evt. kontroll må derfor vere basert på dei andre faktorane som er nemnde ovanfor.

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Gjennomføring - retningslinjer

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie
Det

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinjene for gjennomføring som kjem fram framom.

Note 4 Aksjer og andeler i varig eie (FKR § 5 nr. 5)

Selskapets navn	Eierandel i selskapet	Balanseført verdi 31.12.2011	Balanseført verdi 31.12.2010
Visit Fjordkysten		kr 37 000	kr 37 000
Lutelandet utvikling		kr 90 000	kr 90 000
Firda produkter		kr 1	kr 1
Firda billag	5,69 %	kr 569 000	kr 569 000
Stongfjorden eigendomselskap		kr 25 001	kr 25 001
Sogn og Fj.bustadbyggelag		kr 1	kr 1
Hauglandsenteret AS		kr 1	kr 1
Bulandet eigedom	40,56 %	kr 2 000 000	kr 2 000 000
SFE		kr 19 400 000	kr 19 400 000
Biblioteksentralen		kr 1	kr 1
Norsk sjøfuglsenter		kr 50 000	kr -
Eigenkapitalinnskott KLP		kr 4 379 506	kr 3 951 501
Sum		kr 26 550 511	kr 26 072 506

030/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 - ASKVOLL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	05.12.12	030/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Askvoll.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 - ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 23.11.2012

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Askvoll.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Askvoll kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09		10.12.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
025/11 Overordna analyse.	18.11.11		18.11.11 – Vedtak KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon. 13.11.12 e-post til KRYSS spm vedr framdrift. 13.11.12 Svar frå KRYSS pr e-post.
Sak 04/12 Klagesak – Vurdering lovlegheit av kst-vedtak 15/11.	09.03.12		14.03.12: Vedtak KU: - Kontrollutvalet er ikkje klageorgan. - Kontrollutvalet sender saka over til rådmannen. - Kontrollutvalet ber om å få svarbrevet frå rådmannen på brev frå Friplan av 12.11.2011. 15.03.12 Brev til Friplan med vedtak. 15.03.12 Brev til Askvoll kommune. ???
Sak 07/12 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av innkjøpsfunksjonen.	09.03.12		14.03.12 Vedtak KU. 15.03.12 s. KRYSS revisjon. 13.11.12 Motteke framdriftsplan
Sak 014/12 Skriv og meldingar.	21.05.12		21.05.12 Vedtak KU: Ad: SM 09-12 Rådmann orienterte om status i klagesaka på vass og avlaupsgebyr frå Friplan. - Saka er kompleks og det vert jobba med saka. - Kontrollutvalet vil få tilsendt svarbrev som blir sendt til Friplan vedrørende saka.
Sak 016/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – vurdere ressursbruk og bemanning innen pleie og omsorg.	21.05.12		21.05.12 Vedtak KU: Det vert vist til brev frå kommunalsjef omsorg 14.05.2012. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyrt som skriv og melding. 22.05.12 Saka sendt til KS som skriv og meldingssak. 18.06.12 Vedtak kst sak 061/12 Referatsaker.
Sak 019/12 Godkjenning innkalling og sakliste.			23.10.12 Ikkje merknader.
Sak 020/12 Skriv og meldingar.			23.10.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 021 Budsjett kontrollutvalet 2013			23.10.12 Tilråding til kst. 23.10.12 s Askvoll kommune.
Sak 022/12 Oppfølgingsliste 2-2012 -			23.10.12 Vedtak KU – Teke til vitande.

Askvoll			
Sak 023/12 Eventuelt			23.10.12 Vedtak KU – Kontrollutavlet vedtek å utsetje neste møte den 19. november. Sekretariatet får i oppgåve å finne ein ny dato.

Oppdatert 23.10..2012

031/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	05.12.2012	031/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.